

LJOSGLIMT
1932 – 1934

07515

TELEFON
(CENTRAL)
8080
BUTIKKEN
I STRANDGT.
BOKTRYKKERI
BOKBINDERI
POSEFABRIK
MÆRKELAPFAB.
STAALTRYK

Ved bestilling av lignende bok behøves kun ovenst. nummer opgitt.

J. Beyer's
BOK- & PAPIRHANDEL
BERGEN

Ljosglimt

Nr | Februar 6. | 1932

Venskap & Kjerlighet.

Orsak meg som er so fri at eg tör handsama slike varsame spurgsmaal som dette, men eg fekk slik hug til fortelja dykk ei liti soga. Det var i dei dagar daa det var fullt lovlegt aa duellera med ein annan d.v.s. ein kunde verta fördleg fornærma paa ein annan og utfordra motparten til duell antan med kordar eller pistolar. Det var etter som dei vart ~~einige~~ samde um. Dei valde seg ut ein stad i skogen paa ein open plass og tok med seg kvarsin mann som dei kalla sekundantar. Dei hadde gjerne ein doktar med seg og for det hende at dei berre særde einannan og ikkje drap heilt. Soleis var det eingong to gode vener sauk i kollane paa einannan um ei gjenta som dei begge elska. (Ja det hender nok endaa det. Ikkje sandt gutar?) Men gjenta kunde liksom ikkje verta klar yver kven ho skulde velja av desse tvo. So var det ein dag den eine, lat oss kalla han Paal, saag at venen hans, Per, kysste denna gjenta mot hennar vilje og det til og med midt paa munnen. Paal vart so rasande for detta at han paa staande foten utfordra venen til duell, og soleis vart det ingen av partarne vilde forlika seg eller gaa attende paa ord. Dei möttest difor ein bestemt dag i skogen med kvar sin sekundant med seg. Desse freista snakka kjæmparne til fornuft og sa som so: Höyr her gutar. Kva skal dette lena til. De her alltid vore gode

vener. Skal verkeleg ein slik bagatel som ofte vera aarsa til at ein av dykk maa döy. Kvifor kan ikkje de forlikest?" Men di skakka beggje paa ova og meinte at ein av di var ein for mykkje. "Vell," sa den eine sekundanten, "lat oss so gjera det avgjort i ein fart; men aldri her eg vore med paa noko som her gjort meg so ilt som dette." Sekundantarne lydde so vaapna og saag etter um di var lada og alles i orden. Etter at desse so-kalla snakka stillt saman ei stund tok so den eine ordet: "Mine herrar eller lat os heller segja kjære vener, De er beggje dugande pistolskyttarar. Me er difor vordne samde um at de skal taka uppstilling 20 m frå kvarandre med ryggjen til. Paa kommando gjer de so heilt um og skyter samstundes. Vell sa gutarne me er klar. Avstanden vart uppmäla. Kvar tok sine plassar. Beggje var orleg bleike men urikkeleg bestemte i andletet: No!! Ordet small som eit piskesnert. Beggje snudde seg lynsnart og tvo skot small samstundes. Fuglarne rundt um i trei fauk kvar sin veg. Sekundantarne sprang fram; men beggje duellantarne stod der uskadde med kvar sin rykande pistol i handi. Dei saag skamfulle paa einannan. Den eine sekundanten knytte nevarne av iver. "De skaut beggje i lufti!" ropa han. "Dette kann me kalla duel, dette kann me kalla venskap." Paal kasta pistolen. "Ikkje eit skot meir. Eg var villig til lata meg drepa, men skjota Per mi, det kunde eg ikkje." Per kom langsamt gangande mot han. Ei varm bylgja rulla yver andletet hans. "Paal," sa han, "eg tenkte som du." Sekundanten til Paal var so rusten i stemma daa han sa: "Som sekundant er det mi plikt aa spyrja um det hermed skal vera upp og avgjort." Per & Paal saag paa einannan. Dei var tarne i augo, og dei smilte ljost og tindrande. Daa sa

Per: Ho fer sjölv veggja millum oss; men korleis üm ütfallet vert venskapet vaart skal vara, ekkje sandt Paal?" Det kom so sogte og bedande. Augo til Paal skein daa han rakte handi si fram og mötte Per si i eit varmt handtrykk. „Me er venner for og venskap er meir enn kjærleik." – – Ja dette ber soge. Kva tykkjer so de ungomar? Er venskap og kjærleik det same um ekkje kva er so störst av desse to. Lat oss faa ein liten diskusjon um dette i blad so me fer lett fast i bladet vaar som no det er, ~~[illegible]~~ gaar ikkje av. Redaktören ventar og ventar men ingenting kjem.

„Pass-kontroll"

I gamle dagar turvde üngen pass. Kvar som helst kunde ferdast til og fraa ütan aa bera sitt ego bilæte i lumma. Det var vel helst under heimskrigen dette med pass kom paa. No ja. Har du nokonsinne tenkt paa at alle förer pass, og at det vert kontrolert so ofte som to menneskje mötes? Ja for so er det. Naar du möter ein eller hin, so ser du paa han, helsar kanskje, og stilleggjande, ofte ümedvite, feller du ein dom yver vedkommande. Du över ein passkontroll. Naar ein so lerer folk nærare aa kjenna, so vert ein meir röynd, ein gjer seg viss üm ~~at~~ passe er ekte. Ein veit kven som förer falsk flag og üm dan eller dan er som han gjer seg ütfor. Ein tenkjer kanskje lite yver dette; men slik er det lell. Kvart menneskje du möter vurderer seg etter det inntrykk du gjer. Og stend til kvar og ein üm eins pass skal verta kjendt ekte millom folk. Det er nokon som meine at ein fer lita med det ütvar ein er sannar me og for ei tid kann det sjaaast vera beste maaten

meir ulykkeleg vert lengst og difor vera ein ærleg
vere den som er i all umgang. Der vil ein ha
mennesk jamt med seg sjølv. Naar folk veit kven
du er og veit kor dei har deg so faar du fåast
vonleust. Lat oss difor alltid gjera vaart ijo pass.

~~og vint~~

Ljosglimt

1932

Nr. Mars 13

Bonden.

Av biskop Hognestad.

Bonden som dyrkar jordi og få det til å gro og veksa, driv kultur i upphavlegaste meining. Og han vert kanskje til slutt den tryggaste vaktmann um kulturen. Dei har spått undergong for heile kulturen av di han serleg i byane lagar seg um til sivilisasjon som berre lever på det ytre skalet, og gløymer den indre kjernen.

Namnet bonde tyder den buande, den som har sin faste arbeids-stad, ein heim der alt gror og får si soga. Bonden får vyrdnad for livsvoksteren ikkje berre på jordi, men og i menneske samfundet. Han ser best kor godt det er å hava den faste vokstergrunnen. Difor er bonden det som heiter heim og fedraland. Difor er bonden det mest organiske element i samfundslivet. Eg skulde ynskja at namnet bonde var meir brukt og vart hedersnamnet som ein nytta til tittel framfyre namnet sitt. Kanskje det kom til å samla bondene meir enn mykje anna.

Bondeyrket er eit skapande yrke. Men alt jordisk skaparverk har det med seg, at verket gjerne vil gripa verkaren. Mannen gjeng upp i arbeidet. Frå ei sida kann det vera eit ideal å nå etter.

Når Gud skapar, gjeng han ikkje under i verket sitt. Han er like levande som før og kann sjå på sitt eige verk. Soleis skal det og vera med bonden

Du gjeng upp i arbeidet og skapar eit rikt land med dine [illegible]. Men lat det alltid vera att ein rest av menneske i deg. Målet skal vera å leva og døy som menneske, og det menneske soleis som Gud vil hava oss.
Dyrka jordi, bonde, og dyrka di eigi sjal! Lat det eine yrket hjelpa det andre. Hugsa at hovudansvaret for vårt folks framtid kviler på deg. Når kulturen held på å visna i ytre sivilisasjon, då har eit folk enndå si eigi ungdomskjelda, so sant bonden lever.

Januar Notert

Hei!! Godt folk og Lagslemar!
Eg vil rita upp eit bilete av Januar månad. Når eg ser at yver månaden som er gjengen, so kunde det vera mykje å minnast og enndå meir å gløyma. Sumt her eg lite grunda på, anna veit eg lite um. Januar fekk ein god start mjåisnar. Det byrja med skål på godt år, skål på skål til det vart dag i det nye året. Han byrja vel slik fyrr og. Innkoma og utlega er vel det same som fyrr hjå folk flest. Like vel vart det vinst på jole-trefesten åt lagit. Mange gamlingar har vel rusla i kårit sitt, og skrive og grubla yver sjølv meldin, og næringsuppgåvor og sett namn under på tru og ära, at det er rett um det er aldri so rangt.
Til summaren fær me sjå på skatten kven som hev rengt mest.
Veret har vori flytande um me ikkje skal segja fjukande. Litt skodda hev det og vori, men til dato er det ikkje meldt kolisjonar. Einaste var på Sjöböbakken den 3/1 då to Småar kolliderte fyrr skuld myrkert med ei rift til fylgje. Kutteren „Synkefri" som i fjor haust kom in i ruvligt farvatn og sokk ved

Kuråpa, står endå. Spurnaje har på gjort heile tida
[illegible] med bondemannet og når til uppfroggning
Folk talet her ikkje nokor so det var lenge til det
vart by av bygdi. Folk her byrja setja poteter
og [illegible] temperaturen held seg, so det utrekst til
ein arbeid i fem.
Nokon stive skakkar er ikkje spurde. Eg kom at ein
tek det at når han ser ein hest, og ein mann
seinast når han ser kvinnfolk i vegen ein helgi-
kveld er ikkje merkelegt fô

Bladskurar
Maria Drange

Ljosglimt !

Nr April 3 1932

„Tönder nådde båten".

Um sokneprest stortingsman Tönder er det mange sogor, her er ei av dei beste:

Under valkampen i 1918 då det var so mykje strid um den kjende religionsposten, slutta Tönder altid valmöti med salmen „Gudsord det er vårt arvegods". Ein sundag skulde han ut i distriktet på agitasjon. Han hadde gudstenest um fyremidag og båten var ventandes i midagstider. Det var um å gjera for han og verta ferdig i kyrkja so tidleg at han nådde båten; der gjekk ikkje båt kvar dag. For å vera heilt uredd sende presten ei gamal kjering upp på galleriet; der kunde ho sjå ut på sjöen og få auga på båten i god tid. So skulde ho gjeva presten eit lite vink, so han fekk slutta i god tid og på ein sömelg måte.

Men kjerringi hadde mistydd presten. Og med Tönder stod på stolen, hende det at kjerringi fekk sjå båten. Ho reiste seg upp og töygde seg fram yver galleriet og ropa av fyll hals:

— „No kjem båten, Tönder." —

Tönder nådde båten og valet gjekk bra.

—„or Verdi vide."— J. T.

„Eg råka dei i praksis."

Eg er hus agent og fær soleis mange stader. Mangt og mykje hev eg frett og mykje hev eg sett, sum vil eg no fortelja. Eg kom ein gong til ein gard. eg råka mannen med ein gong, han stod i tunet. Rödde so med han ei stund og band han mange nytuge ting: men han var velforsynt höyrdest det at. Eg pla ta mot tinging på dagbladet X. det band eg han so. „Ja, kva kostar det då"? spurde mannen. „12 kr. året," svarar eg. „Ja, då vert eg hjelpen i ei kupa": sa han. Eg vart forundra og spurde kor då. „Jau," sa han. Eg har studert på kva som löner seg best anten leiga ein mann i tri dagar og betala 6 kr dagen; eller tinga ei dagsavis. Eg trudde det var 20 kr. året for alle dagbladi. Dette forstad ikkje eg kan de sita, og bad han forklara meiningi si. „Jau," sa mannen, det er dette herrsens Vetlahuset, fyrr hev me bruka mose; Men eg kan kje noko med denne mosagreida. Og ~~med~~ ei dagsavis vil me greida oss. når me sjöttar på med det papiret me fær på handelstaden når me kjöper bröd.

„Denius"

„~~Påske~~Marknadreferat."

Som alle veit, hev Lysefjordens Ungdomslag havt marknad no i påskehelgi. Og eg vil i korte drag pröva å gjengjeva det som fyregjekk.

Marknaden opna palmesundag, og det var bra tilstromming. Folk såg ikkje på pengane; men skaut frå seg eine 10 öringen etter den andre so vendi med Richard Buena i spisen hadde ein fin sum og telja opp, då det var slutt um kvelden.

So var det ope skiretorsdags afta; men då skulde vist folk sova segnt til helgi, var det likt til til, for då var det helst like folk, og det var det vist nokre av mandi som hadde ei kjenning av, for dei mötte kje upp alle.

Men so kom skjertorsdag med stor jubel Ein masse folk og masse pengar. Ja då for Rickard Buena og Nils på Kolo og sprang som nokre tussete folk og sjente og bante so högt med seg sjöl kvar den dalalarven helt hus, som ikkjo kom og hjelpte dei. Men Jon i dalen for i frå hus til hus Våt!

Men med hjelp av Nils Buena og Emil på hanen klarte dei og oppfylla laget sit tarv. Men so til slut når mest alle var gjengen, kom det nokre, ja eg trur ein kan kalla det Villmanspatruljen etter som det såg ut: Ja, sume såg plent ut som dei var vill og. Dei heiv på hattar, og tok seg ein svingom med lukkevisar bordet so lukkevisaren flaug burt etter golvet og vart helselans. Ja dei for so uvetugt åt at dei stakarane som var at av nevndi fann det klokast å rydja ut av bordet dei ting som var til utlodning. Då dei hadde tussa seg ei stund gjekk dei ut. truleg dit lite erind for seg sjöln, og då nytta nevndi höve til å få koma seg ut og låsa. ——

So kom då annan påskedag.

Og då skulde det vera trekning. Det kom masse folk med masse pengar igjen. So det gjekk livleg forseg både det eine og andre. Eit tablå vart der og, mitt i döri

i det tva skulde inn samstundes.
Då dei var ferdige med ~~tot~~ trekningi og alle
var gått. gjekk nevndi inn i kamerset for i fred
og ro og ha hovedoptelning då kom det ein mann
på det var vist ein tømmerfløtar, for han tok
åksi og gav seg til og hogga sund kassar. truleg
skulde han visa kunstane sine; men han var
bra han likevel for rekna kunde han
Ja soleis er det meg fortald, og vist det
er feil so fer einkvan som hev betre greida
på det, retta det i neste blad.

Med takk for spalte som tegnar eg
Eleser Kaggevik

Bladskrivar
Richard Bruun

Fjosglimt!

Nr 17 1932

Kjik.

Eg vil gjenfortelja eit stykke- som eg høyrde vart upplese i eit anna ungdomlag, og det var um ei gjenta som fortalde um seg sjølv då ho kom til byen, og det lydde umkring soleis; Me har altid byfolk heime hjå oss um sumaren, og byfolk er altid so fine at dei har taus. Dei byfolket som var hjå oss, hadde ei kjekk taus, og dykk skulde sett kor fint kledd ho var; ho gjekk med silkesokkar um kvardagen og sundagen og alle dei andre dagane, og ho hadde silke utanpå og inni seg endå ho var frå landet nett so eg. Ein dag spurde eg henne um det var kjekt å vera i byen, og då sa ho ja, og ho fortalde at ho hadde hatt kjik frå ho kom til byen. Eg hadde høyrt gjete at ein fekk noko som heitte kjik når ein kom til byen, men eg hadde aldri tort å spyrja mor mi, for eg tykte det måtte vera noko hemmelegt, og no når denne tausi sa det at ho hadde hatt kjik frå ho kom til byen, fekk eg og lyst på. So spurde eg henne um ho kunde skaffa meg ein plass i byen, og det gjorde ho. Det var i tridje høgde i eit stort hus eg kom, og i fyrste høgdi var det ei taus som eg vart godvenner med. Då nokre dagar var gått, våga eg meg til å spyrgja um ho visste kva kjik var. Å jau då, det visste ho, og ho sa at eg skulde få vera med henne på tysdagen, for då skulde ho i eit ungdomslag. Eg gjekk i ein spenning kvar einaste dag, og då tysdagen kom, skalv eg av forventning på korleis kvelden vilde bli. Då me kom i ungdomslaget, såg eg ein masse fine gutar og gjentor, nokon var fine og nokon stygge, men alle hadde fine

klær, gule og raude og blå kjolar hadde gjentone, og eg hadde
ein grøn som eg hadde fått lånt hjå veninde me, for ho sa
eg kunde ikkje gå i ein humavera kjole der. Me sette oss på
ein benk slik som dei andre, og då snakka formannen litt
og so skulde me syngja. Då det var gjort, sa formannen at
dersom me hadde noko å lesa upp eller syngja so måtte me
gjera det. Eg kunde so godt "Millom bakkar og berg", og so
kviskra eg til venindi me at eg skulde syngja den, men
då kann du tru ho såg på meg og so sa ho, "Du er
visst galen." Men eg forstår ikkje eg kvifor eg ikkje kunde
gjera det, for straks etter på byrja ein mann å snakka,
han song ikkje må du tru, me han sa rett so. Eg
veit meg eit land — Då spurde eg venindi me um
han ikkje kunde syngja, men då svara ho so sint, "Kan
du ikkje høyra at han rekladera", men kva det er veit
ikkje eg. So når denne mannen var ferdig å snakka, sa
formannen at me skulde få leika, og då trudde eg at
me skulde få leika gøyme-spel eg, og eg tok til å sjå
etter ein plass å gøyma meg, men med det same kom
der ein mann og tok i den enden eg sat på, på benk-
enden altso — og ein annan tok i enden der ei onnor
gjenta sat, so då måtte me risa oss upp, og alle benkane
vart flytta vekk. So tok ein mann til å spela på ei fela
og alle tok til å dansa. Eg vart sveitt og varm, men
kjik hadde eg ikkje sett noko til. Då klokka var mest
halv tolv og det skulde vera slutt tolv, kom det mange
gutar utantil og inn. Då kviskra veninde til meg, "No kjem
alle dei som vil ha kjik." Eg såg på dei alle, og der såg
eg ein so var so voldsom fin, han hadde raudt hår og
krulla var det og, og han såg burt på meg og då smilte
han og eg lo igjen. Ei stund etter kom han burt og dansa
med meg, og då spurde han um han skulde få gå på
kjik med meg, og eg sa ja med ein einaste gong. Eg
tenkte, å er det å få kjik, han har gjerne kjik med sig
han; men litt fyrr det var slutt, såg eg at han snakka

med ei anna gjenta, og han dansa ikkje meir med meg
Tenninde me såg eg for ut døre med ein gut og eg stod
att og såg på. Då det var slutt og eg tok kåpa på meg,
kom det ein gut og tok meg i armen og sa, "Eg skal
fylgja deg eg." Sidan den gongen har eg hatt kyss ofte, men
dersom der er nokon som vil spyrgja meg kva kyss er
må dykk ikkje tru at eg vil fortelja dykk det.

Amalie.

Til Engel Søviknes minne

Sidan sisst me var samla her til lagsmøte, er det blitt ein mindre i flokken. Og det er Enge Søviknes. Aldri såg du han med brisk og bram millom oss. Nei, roleg og stø gjekk du her. Fordi du var so god skulde du ikkje få vera meir her på jordi. Tolmod hadde du i all di liding, og tolmodig var du då du visste det snart var slutt, i den vissa at det vart betre der du no skulde av

Når sumarbrisen susar
lindt som andedrag i skog og li,
fekk du høyra englesongen brusa.
Og du vart vel lett og fri,
alt som hutte sut og saknad
burte var og gløymt.
Då det leid til dagnad
var ditt liv utrøymt,
og eit liv du fekk i evig fagnad.
då du nådde himmel-strand.

Fred og signing yver ditt minne!

Kåseri.

Sumaren med all si gleda er forbi for denne gongen. I staden
for dei lange ljose kveldane har me fått uver og myrkre. Det kan
no slumpa til midt i veka med godver. Men takk skal du ha
når det lakkar til helg. Det er med skitne skamme frakken vert
torr få eine helgi til bi, dersom det i heile taket finst ein so modig
mann at han vågar seg utum døri då. Men kva moro kan det
vera å gå slik og slengja etter vegane. Det kan no endå vera so
for dei som har „kik" for andre er det håplaust. Og tribunen! som
til alle tider har vore høgste, er eit ynkeleg syn å sjå på no for
tidi. Hole er snart utallige som himmelens stjerner. Det må visst
med sikkerhet kunna segjast at sume kjeringar har fått sitt
ynske uppfyllt. han er utan all bota-von. Dei slapp å spandera
dynamitt, tidens tann har hjelpt til attåt alt det andre. Men det
etermæle fyt han få at han har halde ut i lang og tru tenesta.
Og det står visst skrive yver einkvan det høver mindre på: „Høit
var du elskat, dypt ~~var~~ du savnet." Nei lat meg ikkje segja for
mykje. Kanskje sit her einkvan som i sitt stille sinn tenkjer:
Endå finst det vel fjøler i Lysefj, og kven veit til sumaren
att? Den som lever, han spør: Det har banka ein silde nattetime
fyr uppmed Storakleivo. I grunnen er Lysefj. noko for seg sjølv.
No er dansesesongen slutt her. Andre stader byrgja den no. Dei
som har ungdomshus, byrgjar no å tenkja på festing, koselege
lagsmøte, skodespel og leik. Me stakkarane er diverre ikkje so
heppne. Me vender oss etter gamalt innatt på Bakken. Her har
ungdomane halde til no i alle desse åri, hyggja seg eller
forarga seg etter behag, og ungdomshus er vel ~~alle har~~ målet
alle har set fram i mot. Det er vårt mål som sit her i kveld
og. Og det kunde vel vera frestande å spyrja: Skal det aldri
bli kvitare med oss? Kor mange herrens år skal me sitja her
inne? Akja, ein kunde sukka både tungt og lenge. Det er dei
dårlige tidene som er skuld i alt, det er so godt å skulda på.
Men skal me vera ærlige, so er det vel ikkje verre for oss enn
for andre. Berre den rette viljen var der og intressa, so var det

gjerne litt annorleis. Korleis kan det ha seg songkoret vart nedlagt? musikklaget likeins, ja det er dei som har ymta um at det kjem til å gå same vegen med ungdomslaget. Men kva i all verd, skal so ungdomen ha å samla seg um? Ja, det er berre ein ting att då, og det må vera mosa. Og ungdomar som ikkje har annan interessa enn å tena seg nokre kronor so mykje det vert til drikka, kann ein vel ikkje gjera so stor rekning med skal halda uppe eit ungdomslag. Kvart år har det stade nokre utanfor glaset, og det har diverre vist seg at den flokken har ikkje minka. Nei skal det gå, lyt me samla oss um laget alle, freista å få det hyggjelegt her inne, so alle kan kjenna seg vel og trivast. For kvar einskild av oss er skuld i korleis laget vert, i det heile um det står eller vert upployst. Skal alle møta uppe med kaldflir og berre kritisera alt, so kan det ikkje verta hyggje. Men kjem kvar og ein med god vilje, vert straks anden i laget ei onnor. Tenk berre på den gilde songboki vår! So har me „Ljosglimt", som i staden for å vera glansnummeret for kvelden, held på å døy. Og so har me folkeviseleiken. Der er gjentone med, berre gutane vil. Det var so bra med den nett etter leikarskeidet, men kor er det no? Og hadde det berre vore interessa nok, so hadde det visst vorte råd å fått høyrt gode foredrag, i allefall på festane då. Dette var berre nokre tankar. Vonar ingen føler seg støytt, men tek alt upp i den beste meining. Til slutt vil eg berre ønskja: Gjev vinteren kunde verta ein god arbeidsvinter for laget vårt!

-h-

Bladskrivar
Johanna Nordström.

Fjosglimt.

Nr Oktober 8. 1932

Ungdomsvåren.

Det kann ikkje seiast for ofte, at ungdomsvåren er onnetidi. Livet ropar og kaller på ungdomen og ungdomsbladet brusar livet i møte, trur stort um livet og kjenner krefter i seg til å gjera noko gjort og godt ut av livet. Det er gripande å stå i ein ungdomsskare, kinni rodar og augo lyser. Å, all den kraft som her er samla, tenkjer eg, berre dei kjem til å nytta evnone sine til det som godt er. Mange er det som grev pundt sitt i gjordi og fær til slutt høyra: Du låke og late tenar. Difor er det so vigtugt, at dei unge tidleg bar seg til arbeid, at dei snarast råd er, veit kva arbeid dei vil velja, og at dei sankar kunnskapar og arbeidstamne. Ja, ungdomsvåren er onnetid, såtid. Ein dag un våren gjer ei vika um hausten, heiter det. Og lukkeleg er dei unge som nyttar vel ungdomstidi. Det som då vert sått gror i manndomstidi. Eg trur ikkje ~~[illegible]~~ på Askeladden som berre sat og grov i oska, men vart storkar lel. I vår tid vilde han koma på fatigkassa.

I arbeid er sol, i arbeid er song,
det lettar av trengsla, det løyser av trong,
gjevaste kjensla i mannehug
er arbeidsgleda og arbeidsdug!

Det er gildt å sjå ein verkeleg mann, ein som veit kva han vil og duger til sit yrkje. Det er støt noko vyrdlegt, ja, agevekkjande med eins lik mann. Sjå på fedrelandet vart! Mest halve landet ligg endå udyrka. Er det kje vert å dyrkast? Me syng um „de tusen hjem". Her kunde leggjast endå tusen til. Å, ungdom.

Me sår og strår med hug og hand
til gror for fedreland!
Me sår vårt liv på land og sjø,
og norig fram skal gro!

Me ser desse djupe fjordane og desse höge tindane. Skal me kje likjast dei? Eiga djup kjensla og höge tankar, og ideal som snöbredane i morgonsol! Men ein ting må ungdomen læra, det me eldre ikkje hev nått fram til: Å stå saman.
„Stend me samde er me sterke
stend me skildt er me dömde."
Me er eit lite folk men stend me saman so er me endå sterke. Det såg me greidt i 1814 og 1905. Noko av desse tankar freistar eg gjera ein song av, eg nytar ein tone som er so frisk og ven: „Eg gjætte Tulla i mange år."

Det blömer liv, i undomsvår
og kallar högt på oss alle.
Vårt blod det bankar, vår vilje brår,
ja, me vil fylgja det kalle.
Me vil oss bu
med trott og tru,
so me kan manndomsverk gjera
og leva live med æra.

Det er vår vårstid, no lyt me så,
den onni kostar nok möda,
men vart ho nytta, so skal me få
ein haust med fullmogi gröda
Me ster oss fram
på tram til tram,
me trutt vårt yrkje vil driva,
då vert det hugna å leva.

Vår djupe fjord og vår höge tind,
skal djupt og högt oss lara;
so gjeng me hugheilt i striden inn,
då skal nok båten bera
me fram oss ror
på livsens fjord,
tråss storm og myrkre og frode,
og aldri misser me mode!

Med samtyndt hug vil me saman gå,
i samhald vinn me vår siger,
me ströymer saman som elv i å,
so til ei storelv det stiger.
Med hug og hand
og hugheilsbrand
vårt fedreland vil me dyrke,
og samhald vere vår styrke.

Jr. A.

Lagstemar.

Tap aldri det mål dere har sat dere i livet avsyne, men arbeid altid op og frem til det. Gå ingen krokveier og la midlene vere ærlige, så vinder dere nok til slut. Först gjenem motstand og i kamp vines siger.

Bladskriver.
Jon Asphaug.

Litt av kvart.

Slikt ka morro me hadde sist laurdag. Det var nemleg dansemorro hjå Sork Fiskaun. Golve i ungdomshuset er so våte at me må leiga ei bondestova av og til. Me må ha morro i Lysefjorden og må veta.

Ja det var ei koseleg natt. Stemmingen var på toppen, musikken fyrste klasses og mör ekstra god. Og byrjde kor dei song „Skal me få nokon stemming i kveld, då må me ha oss ein liten tel."

Tydeleg var det også. Berre telegrafstolpen og tilhengaren ville kla ai kravande. Eg er ikkje sikker men soleis såg det ut for meg. Dei sleit kravande i buksorne so det rivna både her og der. Kva dei meinte med det, veit eg ikkje.

Jon i Dalen tykte det var dårleg takt i musikken. Han ville tromma takten på ei glasruta, men han var visst for tung på labben, for kalven for igjenom ruta, so glassprûten stod.

Me fekk vitjing av framande gutar. Det såg ut for, at dei gjorde lukka hjå damerne. Det var mest uråd å få dansa, medan dei var i stova. Dei danste ordevande og kjælte med damerne, so mang ein Lysefjording knytta nevane i bukselumma. Dei våga kje slå til det vart gjerne debulder. Det var nokre gjenter, som heldt seg for gode til å dansa i ei bondestova. Nei dei leigde seg båt, og reiste til Krokeide via Bratthølmen, so skumsprøiten stod um stamen. På Kirkeeide laute dei apostlane sine hestar og me tel Tana dansa so dei kom ut gjennom ballskorna. Det er betre vera savalaus enn såvalaus tenkte dei, og tel Jon i Vikjo sitja gjerna på skorne.

Me tente 12 kroner på dansen.

Hurra no får me elstrick på

Ungdomshuset.

Kjosglimt.

Sundag 13 november. 1932.

Ungdom og norskdom.

Norskdom er ein av hovudpostane på programmet til den frilynde ungdomsrörsla, og har vore ei livsuppgåva for ungdomslaga og er det vel enno. Dette gjeld ikkje berre ungdomslaga som lag, men det gjeld kvar einaste einskild ungdom. Det har vore nemnt, at målstriden er fört til endes mange stader, og at laga vantar ei uppgåva som kann fenga som han gjorde. Eg skal ikkje segja korkje ja eller nei til det. — Men striden for norskdom er me ikkje ferdige med enno. Norskdom er meir enn berre målsaka, norskdom femner mykje meir, og det er langt enno, fyrr me hev nått den tidi og kann slå oss til ro, som norsklynd ungdom — i full meining. Det er vel heller ikkje nokon som trur, at so er. Ein röynleg norsklynd ungdom, vil fyrst og fremst trenga si åndelege næring frå alt som er framvakse av norsk i tale lesnad og tonar, og han kunde ikkje vera han forutan, for då vilde han visna og veikna. Er det so denne norske åndsnæringi det spörst mest etter? Nei det ser meir ut til at innförd klissen magasindikt, skikk og seder i Noreg, er den åndelege næringi, som norsk ungdom tykkjest trenga. Og det svenske andlete er truller, det er vist. — Eg hugsar me dat på folkeskulen og høyrde det vart fortald um Åsmund Vinje, korleis han vart medfaren av sitt eige folk. Me knytte nevane og tenkte med oss sjølv, at slikt vesalmannsverk skulde ikkje henda i Noreg meir. Slik udåd mot norske tankar og norsk tale skulde ikkje verta til røynd meir. Slik tenkte me. Men hender ikkje same vesalmannsverket og same udådane den dag i dag? Norske bøker og blad lyt liggja, avdi dei næraste skyldfolk ikkje vil kjennast ved deim, eller tykkjast trenga til dei. Og dei som skriv og gjev ut, slit og slepar og det brautt og i von um ein betre vår. Blad som kjem ut frå sjølve kjelda for frilynd ungdom, blad som ungdomar frå eiga bygd og ungdomar frå grannebygda skriv i, skal ikkje vera noko å lesa for norsk ungdom ser det ut til. Dei skal verta martyr millom sine eigne. Men den dagen det hender, har frilynd ungdom fulbyrda eit stort attersteg i frilyndt ungdomsarbeid.

Ag.

Haust.

Tvo unge menneskje sit ute i hagen. Ein gut og ei gjenta. Det er stilt og soli skin. Brunraude og gule blad kjenner seg enno ein gong varme i sollauget. Men varmen kjennest so var. Han maktar ikkje å få blodet til å strøyma gjenom ådrane slik som fyr. Nei i sumrar då var det liv. Då banka hjarta mot hjarta frå blad til blad, og blodet brann og kraft strøymde, og bladet vogga seg i vinden som fuglar på grein.

No hev det berre minne atterde frå den ljose tidi, då lufti var varm og fuglane song, og småborni leika seg under treet. Og bladet sukkar so tungt, og det gjeng ei kald skjelving gjenom dei fine nerve-trådane, endå soli er so varm. Og det heng med hovudet og ser mot jord. Der det snart skal liggja. Neste år skal eit nytt blad taka romet — det kjære romet der høgt uppe på den mjuke voggane greini. Ein doggdrape heng full og tung på bladet. Han lyser som ei blank tåra i eit bleikt, gamalt andlet. Han fell ned og vert burte i moldi.
„Eg kjem snart etter," kviskra bladet, „eg kjem snart."

Dei tvo unge sit og stirer ut i rømdi: „Du er so tagall, Borghild, hev du ikkje noko å segja."
„Kva skal eg segja — anna enn det at det er so mykje rart i verdi. So mange spursmål som ein ikkje kann få svar på, so mang ei gåta som aldri vert løyst. Som no um hausten: Bladet fell mot jord

og er snart ikkje meir. Snart gjeng me same vegen. Me er då unge enno, og me hev mykje å gjera.

Det vart aldri til noko. I to år hev me vore trulova, du var 20 og eg 18 år den gongen. Og no--- no er det haust.

Men hev desse åri vore til unyttes då? Me hev alltid vore i arbeid med tanke på det som skal koma.

Livet gjeng frå oss. Me kann då vel ikkje gifta oss når me vert gamle.

Som du talar, Borghild! Me er då unge folk enno, veit eg.

Det kunde snart visna --- inni oss.

Visna? det som hev stande i bløming heilt sidan me var små? Det kan du ikkje meina, Borghild.

Alt visnar um hausten. Og ein kjenner seg so trøytt, og ottefull for det som skal koma.

Å ja, det er vel so. Det er no eingong slik med hausten.

Dei to sit og stirer fram for seg - inn i noko som tek til å bleikna. Og otten for at det skal bresta, det som bar gjenom mange år, der dei vara um åt einannan.

Her ein dagen sa far at eg kunde få garden nett kva tid eg vilde. Men...-

Men? Her er so lite rom veit du.

Hev du ikkje rom åt meg? Ho bøygjer seg ned og tek upp eit gult blad.

Misforstå meg ikkje. Eg vilde du skulde ha det romlegt og godt; men det vert liksom ikkje noko greida på det so lenge som han bestefar lever.

Bestefar har opna glaset i den vesle stova. Sola renner i det gamle skrukkete andlete. Og den klåre friske haustlufta gjer so godt åt den såre bringa. Eit gult blad legg i glaskarmen. Olav tek det upp og ser på det. Korleis kann det ha kome hit? Vinden kann det ikkje vera. Kann hende det er dei tre, som sit der borte på benken, som har lagt det upp her. Dei finn på so mangt, dei unge. Kva talar dei um no tru? Gild gut, han Ola; mykje til kar. Liknar på bestefar sin, segjer dei, den tid han var ung. Å ja san, han er gamal no, han! Og ho stend no ikkje alt, ho heller; det er gjenta som er for seg til noko av kvart, etter som dei segjer. No sa ho noko til han. Skulde vore moro å höyra kva slike folk talar um no i tidi. Olav legg hovudet til å lyden. Ja so no, det er slikt prat dei har for seg. Å ja, ein kunde mest tenkja det. Bestefar er berre i vegen han no. Best å koma undan fort so snart som råd er! Dei stundar etter å koma saman, dei unge; og det skal ein ikkje segja noko um. Det lyt so vera; elles vilde det gå gale både med garden og ætti. Det er berre bra altsaman, um det enn er litt vondt å tenkja på, at ein er i vegen på sin eigen gard, der ein har tolt so mangt eit tungt tak, for at det skulde vera betre til dei som kom etter. Men tyngste taket vil det vel tilseist: å segja farvel. Elles er det godt å få kvila, når ein veit at det ein har strava med er i gode hender.

Dagen etter. Dei er ute på åkren og

tek upp poteter. Arbeidet gjeng kvasst og bravdt utan prat; her ikkje tid å tufla burt på snue. Det lid langt på hausten og mykje er unna alt å gjera. So det gjeld um å onna på alt det ein orkar og kann. Best det er kjem han bestefar siglande. Olav gjeng med stav og tek småe steg.

„Nei no trur eg mest ikkje mine eigne augo" segjer smekona. det er lenge sidan du var i potåkeren, du no, bestefar."

„Du vert yngre til kvart år, du far," segjer sonen.

„Han sa so bestefar din og," segjer gamlingen, „eg vert snart som ein ungdom alt eg no;" sa han. då var han 90 år gamal. Men dagen etter var han död. Elles er det visst so at ein yngjest mot slutten.

„Ja slik ser det no ut med deg," segjer smekona. Bestefar stend ei stund og ser på, so segjer han til sonen: „Kor rart det er du: Ein dag er det å grava upp, ein annan dag er det å grava ned."

„Du skal ikkje tenkja på det no far," segjer sonen, „du er enno rask og rörig."

„Å ja, — men du, det var ein ting eg vilde seggja fyr eg går: du lyt snart tenkja på å laga til brudlaup åt son din. Helst no i haust når du er ferdig med vinna. So får du flytta inn i stora til meg. Det vert nok ~~nåt~~ rom skal du sjå."

Smesonen stend eit stykkje ifrå; men ikkje lenger enn at han hörer kvart ord som vert sagt. Han er raud i andlete og han hogg grevet i jordi, so muld og småstein sprutar. Bestefar går. Tor du som stend

all, ser det so ut, at han kviknar meir i ryggen for kvart steget han tek.
Han var gamal no, han bestefar.

Dei stend framfyre sengi hans bestefar, dei tvo, han Ola og ho Borghild. Han ligg i halvsvevn og hev ikkje høyrt at dei kom inn. Dei tvo stend hand i hand og ser på han, i stor undring; so fager hev han aldri vore, tykkjer dei. Der må visst sitja ein engel der einkvan staden attmed hovudputa. Difor er det so ljost, so fullt av fred det kjære andlet.
Bestefar slær upp augo. Dei tvo bøygjer seg framyver: „Du skal tru oss på det me seggjer, bestefar; det var ikkje so meint som du tok det upp. Um det kan henda var i vår tanke, so var det ikkje i vårt ynskje og ikkje i vår vilje. I våre tankar stod du altid attum alt vårt arbeid med di signing, og der skal du altid stå, du og so han far. Aldri skal du verta støytt ut."
Bestefar reiser seg upp i sengi og lyser signing yver dei tvo: „Gud signe deg Ola, Gud signe deg Borghild, Gud signe ætti og garden!" Han legg seg ned att og kviskrar inne i sæle signer:
„Å nei for ein god haust me fekk i år."

(L. Hovren)

Bladskrivar

Marie Nordvik.

211

Ljosglimt

Sumarens Referat.

Sumaren er lengst forbi, og kalvedansen paa trebunån
er slutt. No er dei begynt i klubbar, og vèiene er uansett, um so dei
bere noko med seg. Ifraa Nordvik til Dronje er blit slik trafikk. Straumen
og Kloster er mykje likt, no etter dei nye drenjene er komne. Burt i
Spörvikjo der leve dei no gris av pengane dei tente paa konfekten i sumar.
The- cafeen er flytta inn, for solparasolen revna sonn. Ein högtalar er
god å ha, men i længden er den at bli trett utav. No vil me ikkje lenger
gaa å driva dank, men gaa og höra etter arbeid. Sildebu og krabbafabrik
er begynt igong, og gjentene dei er nok um seg um veien er long og tele-
fonen kjem vel med so mang ein gong, for besjed du sko faa " da er
velafritt for eventuelt sjæresild skal legjast ned i ergo pr. tönne"
Men krabbefabråken er ligsom bas- der gaar det med maskineri og fjas-
og etter paa so heller dei kalasö Men tidi blir dei nok altfor kort- for
krabbefisket er snart gjort, for Krosjan og Eriken har lagt teinen upp.
Men ut på Dromje dar er dei begynt men det blir altfor smaatt. Men krabba-
jentene er like bra, for um du paa dansen i bondestova ikke var.

Det aa væra forlova ər ikkje altid bra, for vist du på
dans aleina gaar, er det Jarlene som kjikem faar. Ja jente, fanastrilen de
ikke maa forsmaa. Yver Fanafjellet har isumar vore slik trafikk, men i
Norvik der slo du klikk, og ut i havane turen gik . No er Norvikjenten
begynt at gaa, for paa Sakstad er hönsesannen at faa. Men posane blir forsmåd
xxxx, daa gramofonmusikken begyndte at gaa.

No ər skåtaaret snart slutt, og eg synest jentene helt
för lenje ut. Eg har levt i haapet, som katten i skaapet, men det ser
ikkje ut for at nokon tenkjer paa meg.

xxxx" Ifraa en som gaar forlatt "

Ekkemans klage

Å aldri so får eg meg natte-ro,
og aldri so får eg no sova.
Ikkje får eg meg middaro
for ungen er so fæl te å skråla,
og aldri so får eg no arbeidt noko,
for kjeringa ~~kan~~ kje ant enn gnåla.

På fyrste året eg no i gift,
den tida Ola fe ikkje prøva.
For ungja hyggja ho vart nok ditt,
for tyssing og byssing og flyging i stova.
Vel gjord eg vart ungkar og spelemann att,
då fekk eg ved fela te sova.

I mykje eg gjev dykk unge rett,
men i mykje de tenkjer gale.
Tenk unnatt i tide og stå rekt,
for ikkje skal de i fale.
Tenk berre på ungar som skrik i kapp,
og alt dette [illegible] bale.

Når du kjem i frå arbeid trøtte og lei
kjeringa set deg i arbeid straut:
„å sjå og finne meg ei bleie."
og sjå å hama deg straks ditt vraket
for her kjem framen frå vest og aust.
So, so, stakkars båne nå tie.

Nei, fyr var det mykje likare lell,
so fri og so frank var eg faren.
Eg morea meg sjølv med drammen so vel
og var den gjævaste heime i garden.
Laurdagskvelden var det på gjentejakt
og gav sytten i kven som vart faren.

Um slikt gale skū henda meg vatt
at kjerringa skriva seg ferdig.
Eg aldri gjer den dårskap uppatt
som enkjemann er eg all altid stendig
og kanskje å stikk burt i ei kvinnfolk til to
men ingen tå dei er vel verdig.

God tukka på reisi, de starta vel snart,
for tukka ligg altid i starten.
De synes vel sagt at det er litt rart
men tukka omn kje den jiklige parten.
For tidi går seinast til dei 80 er nådd.
sidan ho går som svarten.

„Fö."

Til Lysefjordens Ungdomslag!

Interessa for ungdomsarbeid!

Eg fekk hug til å skriva nokre ord for å segja meiningi mi um ungdomsarbeidsinteressa. soleis som eg ser det no her i Lysefjorden. Det stod uppslag på Bruna um at det skulde vera lagsmöte laurdagskvelden den 29 okt. kl. 8 em. og at det skulde dröftast um musikklaget, låg klårt i synet, for på uppslaget var musikkarane bedne um å möta. Utan om det, fekk eg ogso greida på at hus-spörsmålet skulde upptakast til dröfting. Eg hadde hug til å vera med på dette lagsmöte og gjekk soleis um på Bakkjen i ½ 9 tidi, for eg visst sikkert at ungdomen her plar vera seine og upresis; difor gjekk eg ikkje fyre. Då eg kom inn, var formannen og nokre andre utav karane. Ein nokre gjenbor hadde vore

der for eit par minuttar sidan men var gått att.
Om nokre minuttar att, forsvant endel av dei komne
gutane, so då var der berre att 4 mannfolk, form, to
musikkara og eg. Dette var heile möte lyen lenge,
men so fram i 10 tidi kom endeleg 3 gjentor, 2 konar
for seint frammött, men då vart me 7 stykkje i det
heile. Skulde me halda möte eller skulde me venta
lenger? Det synte seg seinare at der kom ikkje
fleire inn, for störste parten av ungdomsflokken
hadde fått kiltikka og danse feber, og var reist til
Skeie, der skulde vera haust fest og skodespel og
etter på knivstikk og dans, dans og knivstikk.
Me nokre få som sat derinne, vart verande og
venta til kl. var 11., men fleire kom der ikkje,
og mötet var sjölvsagt ikkje noko av.

Men då me kom ut skulde de sett. Ein masse
av desse kalesbyningane kidt på og sprang som dei
var galne, ja, for å halda varmen meinte eg.
Det måtte då vere betre for helsa å vere inne i
den gamle skulestova, der det var noko varmare
enn utanom veggene, tenkte eg, men sa ikkje noko
til dei. Litt lenger ute på landevegen møtte
me 2 par i sin mest blomstrande og sprakaste alder,
og det synte seg at dei hadde ikkje betre vit, dei heller,
enn å tuffa langs landevegen og snakka med seg
sjölv. Desse tykte eg at eg måtte snakka til,
og etterdi det var vaksen ungdom ramla eg
utor meg nokre harde setningar, og fekk då attende
ein kaldflir til svar. Soleis fordelt ungdomen då
dei skulde vore på lagsmöte i hop, tenkte eg med
meg sjölv. Eg lyt mest spyrja var det sör på
Skeie der skulde dröftast om husspörsmålet
og musikken, eller skulde dei kunke vis dans der
for å verta fælare i kjeften då dei kom att? Eller er
det ute på landevegen det passar best å disku

kva om ungdomsarbeidet? Nei då kan eg helst det, er best å slutta det heile av med fyrste vorset av. "Dei vil altid klaga og kyta"! For det fyrste so bed slike ungdomar at at desse sokalte nygifte menn og kvinner, må berre koma på lagsmøti, for då vert det kanskje litt diskusjon, og so burtetter, men då desse eldre eller nygifte kjem, då rømer ungdomen vekk til ein annan stad, eller gjeng ute på vegen og sleng. Slikt må ein helst kalla tøvri eller ludrag, og syner tydeleg ein dårleg framgangsmåte, og det skulde ein ikkje venta av dei eldste ungdomar, for dei burde vore fyregangsmenn i ungdomsarbeidet etter mi syn på saki. Det var gale då eg var i sprekaste ungdoms åre og, men so tubi veggene som no. Kan ikkje dei eldste her i Tysefjorden. Dansefeberen har nok slenge fram i gjenom tiderne, men både eg og fleire jamnaldringa me meg, rømde aldri utor fjorden annorstad på dans, då det var ungdomsmøte eller noko anna her. No til dags klaga ungdomen på at her er so lite å tena, og so burtetter, men skal ein på dans ein annan stad, då er det ikkje spursmål um pengar, sjølv om dei ikkje kan slenga Norsk Amerikanarar blandt som fekk skuldi for so mykje. For skal ein avstad nå dei betala bilskyss, so inngangspengar, ein nokre pakkar til si jenta, so kanskje ei flaske brennevin attåt, og då ein legg detta isamen, so kjem ein langt på veg å fyrste 10 kroningane for denne kvelden, men til å betala lagskontingenten her som er berre 2 kr. for eit heilt år, nei sjå då er der ikkje mange som har råd. Eg meinar difor at visst her er slike folk umtrent for å vore med i ungdomslag, so slå dykk saman med dei, og tenk ikkje meir på å byggja hus her, men ta då heller pengane som lagst her inn, og kaup dei til ein vidning og påbyggjing av Synira på Skeie

Eg har og so hug til å nemna litt om siste lagsmøte her, sovidan eg har ordet. Eg var ikkje på møte sjølv men eg har fått greida på at det skulde gå litt laust te

for seg då. Det var visst husspursmålet det vart
varmaste dan, og sjølvsagt måtte ein ta det att, etterdi
ein rådde inkje på det møte, som det skulde vera fyre.
Der var visst nok sagt at husnemndi som hadde nemd ut
rettningi å gjera, hadde brukt eit heilt år til å rekna ut
kva ungdomshuset vil de kosta, og endå so hadde ikkje
laget høyrt noko frå dei. Vel gjekk det litt seint, men dei
som vart uttekne til den nemndi hadde interessor som låg dei
fullt so nær hjarta, og etter som det synte seg sidan, so hasta
det visst nokk ikkje, for eg skal her gjera greida fyr, at det
vart bestemt på lagsmøte helg etter helg i vår, då me var
ferdig med utrekningi og beskrivelsane, og visst eg ikkje
hugsa feil, so vart det eine møtet ikkje noko av på grunn
av at der møtte berre 3-4 stk. og det andre møte var visst
berre 6-7 stykke. Korleis synte ungdomslagsinteressa
seg her då? Jau, det kann eg segja, at interessa var segen
so lavt nede at ungdomen gjekk ute i store flakkar
og slakka på husinteressa til ho vart so svart at det vart
inkje betre av det heile, og akkurat likeins synte det
seg for ein del år attende. Då det og var yverrekna,
men då det endeleg skulde vera til stykke då var
ungdomen feig og møtte ikkje. Ho kunde få arbeide
med det kven som vil for meg, for eg tykkjer meg
attende på denne nemndi, men det vil eg segja fyrr
eg slutta, at etterdi beskrivelsane er so og segja ferdige
so er det meste av det vanskjelegre arbeide gjort, og
visst de ikkje bryr dykk um desse beskrivelses papiri
so skal eg med glede ta dei att og eg skal heller prøva
om elden bryr seg um dei. Eg vil forandra eit ordtøkje
litegrand, som eg tykkjer passar til avslutning her:
Det lyder soleis: „Piker, brennevin og dans

N. Søvik.

„Ljosglimt."

Nr. 1. | 14. januar | 1933.

Jol.

Sjå eg kjem med ei stor gleda til Dykk. I dag er der född Dykk ein frelsar. – Det var hyrdingane ute på Betlehemsmarki som fekk dette sæle bodet den fyrste jolenatti. I snart 2000 år hev dette bodskapet lydd til menneskja i joli. Sjå eg kjem med ei stor gleda. – Ein frelsar er dykk född. – Atter hev me joli med bodet um gleda og frygd. – Og me gled oss me menneskja i joli, og kvifor? Er det bodet um frelsaren – barnet i Betlehem? – Mange gonger ser det kanskje soleis ut, at det ikkje er det; men skal tru um ikkje grunntonen i gleda, den gleda som i joli merkeleg fyller sjeli vår spring ut frå Jesusbarnet i Betlehem. – Eg trur det. – Kor kjenner me oss ikkje sjölv som barn att, når me går kring joletreet, og syng: „Eit barn er född i Betlehem." Då ströymer minni frå den tid me var born, me minnest so sælt då me sat på far eller mor sitt fang, og höyrde dei fortelja jólebodet. Me minnest kor lydhöyre me var den gongen. Kor lett det var å tru, kor lett det var å vera glad.— Og sjölv um denne gleda, denne tryggleik hev vorte teken frå oss mange gonger ute i livsens strid, ja ofte fyllt sjeli vår med vantru og tvil, so kjennest det likevel som me får gripa det atter i jóli, få kjenna oss atter som barn, med fred og tryggja i hugen.—

Og ungdomar! når me i kveld er komne saman til jólegilde, lat oss då som syster og brör, glöyma alt som er tungt og trist. Lat oss glöyma alle samanstöytar i året som gjekk; men lat oss göyma i sjeli alle gode minne. Og lat jóle-treet med ljosi tende, visa oss vegen mot dei reine livs-högdene.

A.E.S.

Ord for dagen.

„Tale skal man visseligen, men ens liv skal tale ganske anderledes mektigt. Gud i himlene hvad disse verdslige forfinede og blödagtige og sædeligt feige, men veltalende talere, hvad de have demoralisert Christenden!"

Sören Kirkegård.

Ungdomslengt.

Att ungdom lengtar! Det vil segja, dei trår etter noko gildare og betre enn dei eig. I stille, einsame stunder er det at lengten legg seg yver hugen. Ei lengting etter alt som er Ljost og godt. I slike stunder kann me ikkje finna hugnad i noko av alt det, som me elles tykkjer er gildt. Og hev me i utrengsmål sagt eller gjort noko som ikkje er rett, so kann me i desse stille stundene angra det so beiskt. Då er det det gode i oss som vil fram.

Det er deim som tek varsel av denne lengten, og som difor dag for dag vinn seg lenger og lenger fram i det som godt er. Dei vert karakterar, som alle lyt sjå upp til, sume med age og vyrdnad, andre med hat og harm. Men mange av oss drep ungdomslengten, og turar fram i vitlaus åtferd, og sökk djupare og djupare ned i vesaldomen. Alle misser vyrdnaden for oss sjölve og andre. Ingen vert glade i oss, men alle redde oss. Til slutt er ungdomstidi umme. Blömingstidi viker rom for sumar

og haust, mognings og fruktidi.
Og so syner det seg at det ein sådde, lyt ein og hausta. Livet vert grått i grått. — Eit spillt liv vert det. Skal livet verta soleis for oss og? Kvi hev me ungdomslag? Er det ikkje for å hjelpa det gode i ungdomshugen fram til siger i oss? Er ungdomslagi til for å syna vondskapen i menneskelivet. Nei, det er ikkje difor me kjem saman. Men stundom ser det soleis ut. Når sume slepper villskapen laus i styr og ståk, banning og usømeleg tale, og når me andre då ikkje skil lag, men jattar med og berre flirer, då drep me det gode i oss. Då bryt me ned ungdomslengten i oss, og skaper uhug og vanvyrdnad ikring oss. Lat oss sky alt som er stygt og vondt. Og lat ungdomstidi verta ei rein blømingstid. — Heimen og laget vårt til æra, og oss sjølv til gagn og lukka.

Ei gjenta.

(Teke frå „Ljosglimt" — 26/11-1922.)

Kvar stend me?

Den frilynde ungdomsrörsla er skipa av prestar og lærarar i den Lutherske kyrkja. Og ho var tenkt til å verta ei fager grein på dette mektige og frihuga kyrkjetreet. Difor måtte og programmet hennar her hjå oss verta: „Kristendom og norskdom".

Men hev ungdomen som stend i denne samskipnaden halde seg etter programmet? Ja, mange stader hev dei arbeidt trutt og godt for desse sakene. Den frilynde ungdomen var lenge den beste i bygdene våre. Han gjekk til kyrkja og höyrde Guds ord. Han fekk prestar og lærarar til å halda foredrag på möti og festane sine. Han bad etter kveldskular og fekk det. Han arbeidde for betre og sömelegare sedar og skikkar i heimen, i lyd og i lag. Han leika og song seg glad og god. Han kjöpte böker og blad på norsk mål og las seg rik og varm i hugen. Han stridde for norsk mål i Noreg – fekk det inn i heim og skule. Han flakka seg i tusundtal kring talarstolane på ungdomsstemnone.

Dette sette merke både på dei sjölve og tidi. – Mange av deim som var med i dei små ungdomslagi den gongen, hev sidan site som ordförarar i bygdene, vore med i fylkesting, storting og riksråd.

Og det hev synt djupe far etter deim. Dei var med å stridde fram det reine norske flagget, og gav oss fridomen i 1905. Dei gav oss mykje meir. Det norske hev sigra alle stader. Helvti av alle fylkesting og herad i landet hev krave norsk brevbyte med statsmaktene. Og i Björgvin bispedöme hev fleirtalet av kyrkjelydane gjenge yver til norske messor. Av 1225 skulekrinsar i bispedömet er det i alt 1070 med norsk til hovudmål, og berre 155 lever i dansketidi.

Men korleis stend den frilynde ungdomsrörsla no? Er ho budd på å bera fedrearven vidare fram?

Gjeng den frilynde ungdomen til kyrkje no? Bed han presten heim i laget med eit foredrag? Det er visst sjeldan. Men däma presten og orsaka seg sjölv, det gjer han jamt.

Eg hev höyrt ungdom segja: Når me ikkje får nynorsk ungdomspreikor i kyrkja, so gjeng ikkje me dit. Men dette er tarvelege orsakingar av ein åndeleg lat og likesæl ungdom.

I sumar fekk Os ungdomssamskipnad til ei nynorsk ungdomsmessa i Os kyrkja. Dei gamle fyllte mest kyrkja, men ungdom var der lite av.

Eg vart både motlaus og slegen av dette triste synet. Og eg spurde folk etter orsaki. Jau, laurdagskvelden fyreåt hadde det vore dans både den eine og andre staden. Og so trong mange kvila ut medan presten stod på stolen.

Um dette er rett, kann eg ikkje svara for. Eg var i seng til vanleg tid og såg ingen dansa. Men var dette sanning, og er det so, at kyrkjone stend tome for skuld dansegalskap — då må me venta låke tider for landet og folket vårt.

Nok um det. Men kva gjer ungdomen for norskdomen? Arbeider han no, liksom ungdomen fyrr, for å gjera bygdene og byane våre norskare? Kor mange i vårt og andre ungdomslag held nynorske blad og kjøper böker, og syter for å få nynorsk inn i stjorn og stell og kyrkja? Kor mange arbeider for norske klæde og norske varor? Kor mange bed etter kveldskular og praktiske handgjerningsskeid? Dei er fåe. Og er der nokon, so lær storhopen av ungdomen åt deim.

Eg nemner dette soleis som det röynleg er. Men eg torer slett ikkje döma. Eg vågar ikkje segja at ungdomen hev ringare evnar, og i alle måtar verre enn fyrr. Men at tidi er annarleis, og ungdomen med; det ser me. Det kann ingen nekta.

Kvi er tidi og ungdomen annarleis no enn fyrr? Kunde nokon gjeva eit stutt svar på det, var mykje vunne.

Men tyg eg, når eg trur at pengeflaumen som fylgde med krigen hev gjort mykje vondt? Arbeidstilhøvi og levemåten vart heilt umskipla, so ungdomen er arbeidslaus og rotlaus. Han kjenner seg alltid sogen djupare og djupare ned i ein veldig båredal. Han veit at me ikkje hev nådd botnen endå; difor vert han vonlaus og lettlynd.

Men ungdomar, me eig framtidi! Dagen og tidi er vår! Berre me kann böta skaden. Lat oss difor i 1933 gjeva avkall på noko av dansen, drykken og tobakken, og samla all vår kraft til ein ny framstöyt for det frie og friske programet: Kristendom og norskdom.

C.B.

Ymse.

Frk. Pedersen var endå ung og vakker, men ho visste likevel å løyna sin rette alder. Ein dag møtte ho i selskap ein mann som var kjend for å vera glup reknemeister. Og so sa ho: De som er so flink, kann vel og kanskje rekna ut kor gamal eg er?

Kannhenda, sa mannen. Tenk berre på månaden De er fødd i og det talet han hev i månadsrekkja.

Ho var fødd i desember og tenkte på 12. Det skal de gonga med 2, sa han.

— Ja vel.

— Legg so 5 attåt. Og so skal De gonga resultatet med 50.

2
5
13 x 50
650
40
690
365
325
115
440

— Ja vel.

— Ja vel.

Legg so alderen Dykkar til, drag 365 frå og legg 115 til. Kva hev De so?

— 1240.

Vel frøken. So utruleg som det er, er De firti år og De er fødd i desember.

— — —

Dama vart handfalli og det kann nokon kvar verta med å gjera det same med sin eigen alder.

*

Ein ung teolog som nett var vorten kapellan hjå ein prest i ei stor s vart so hardt nervös då han skulde styra med fyrste brurevigsla. Han sk i målet og skolv på hendene, men alt gjekk vel til han kom til sjölve vigsla.

Med boki i handi snudde s seg til brudgomen og spurde:

Vil du ha denne kvinne ti din mann?

Bruri laut halda handi for munnen so ho ikkje skulde setja i ein skrattelått. Kapellanen vart blodraud i andletet og skunda seg og skulde gjera det likare:

Vil du ha denne mann til din ektehustru?.

Då vart heile brurefylgjet full av lått; og jamvel brudgomen, som var ein stød og staut kar, vart full av lått og argskap.

*

Hesten, kui og asenet kom ein gong i ordskifte um kven som hadde den viktugaste uppgåva i krigen.

Hesten: Kva er de mot meg. Eg dreg kanonor og ber djerve soldatar på ryggen min!

Kui: Korleis hadde det gjeng um ikkje eg hadde gjeve mjölk ti naring for soldatane ved fronten og folket som sat heime?

Asnet: Tull og töv!

Hadde ikkje eg site i regjeringi so hadde det ingen krig vorte!

*

Etter amerikansk statistikk so bilar verdi seg i dauden. Ja, bilane herjar verre enn heimskrigen.

Frå 1. januar 1919 til 1. januar 1927 er 137017 menneske drepne i U.S.A. ved bil-ulukkor. Forutan desse drepne er ikkje mindre enn 3,5 mill. menneske vorte meir eller mindre sårde ved bilulukkor. 26 % av desse daude og skadde er born under 15 år. I 1926 vart det drepne 23000 menneske, ein auke på 1000 frå året fyrr.

Eit blad skriv at i fall 500 menneske vart myrda i New-York på eit halvår, vilde det vorte uppstuss verdi yver. Sameleis um dei strauk med ved ei tog- eller gruveulukka. Men 23000 menneske drepne av bil ser me som ei naturleg sak.

Gjeng ein i bygatone — hev ein og ei kjensla av kor liten og veik ein er vorten i dette nye samfunnet der moralen millom alle bilar er: Buh — no tek eg deg!

*

Thomas Bata i Tsjekoslovakia, er ein av dei største forretningsorganisatorar soga kjenner. Han er son til ein fatig landsbyskomakar, og no i ein alder av 55 år eig han ein heil skofabrikkby. Ved fabrikkane

som kvar dag leverar 135'000 par styvlar og sko, er der 17'000 arbeidarar. Nyleg fekk fabrikkane ei tinging til Storbritannia på 2 millionar par, og det i tevling med skofabrikkar i England. På 10 år, reknar dei, hev Bata samla ein medel på 10 mill. pund. Han lönar arbeidarane sine godt, men for å verta sigerherre på den internasjonale marknaden hev han funne det naudsynleg å krevja at alle arbeidarane ved fabrikkane hans skal vera fråhaldsfolk, og i arbeidstidi får dei heller ikkje brüka tobakk.

*

Av eigen åker kjem beste gröda.

Han må frjosa üm vinteren som ikkje vil sveitta üm sümaren.

Den som ottast kvar sky, får haüsta seint.

Vil du hava egg, so fær dü òg tola at hönsi kaklar.

Det gagnar ingen ting å gylla grisetrodi.

Köyr ikkje som üm dü hadde stole hest og vogn.

* * *

Ola Bönes
bladskrivar

„Ljosglimt."

Nr. 2	4. februar	1933.

Mitt eige tempel.

I verdi var det vesaldom, det vart so tidt fortalt meg.
Det var so mange band som batt og stengde veg og leid.
Og vesle vitet tagde stilt, og trûdde det var alt, eg,
Som her i denne arme verdi både fanst og leid.
No trûr eg ikkje lenger at det vonde alltid vinn:
No veit eg det er himmel attum skodda, grå og stinn.

Eg har mitt eige tempel, eg, med tårn og höge hallar, —
det kvittar eitt kva verdi veit og vonar eller trûr.
Mitt tempel er ein heilagdom der kor og klokkor kallar
kvar nyskapt dag når soli ryr og gyller all natûr.
Der stig det stilt og stråleblankt når dag um verdi renn,
der kann dû böygja kne kvar kveld når altarljosi brenn.

Der stig det sûlor rad på rad mot himlar blå og blanke,
og soli kysser bogane i kvelven dökk, og stor.
Og skymingi gjev vengefang til kvar ein solrein tanke,
som himmelboren lyfter seg i stilla utan ord.
Der talar det frå sliten vegg, — frå heilag, hoggen stein,
og sûsar gjenom römdene ein tone, ûnders rein.

Der möter bjarte barnesmil, og mjûke barnehender
ber sjölve himlen, skir og rein, til tröytt og tagalt sinn.
Der svanar alle sorger når dû ûtmödd heimatt vender,

og kvite fuglar leikar der, — som barnedraumen linn
Og alle skuggar rømer for ein dag som alltid er,
og ljoset skin i sjølve deg og skaper himmel der.

Du kann du flira, stakkars vesl, og le i løynd, og gråt,
Min veg går langt og himmelhøgt, og dit når aldri de
Og templet mitt vert alltid deg ei arm og uløyst gåt.
ein skimt av det du aldri fær, du har for lite tru.
Når du sit stur og innestengd i mosegrodde ha
då går eg glad min eigen veg som støtt ber upp og

E. Arne.

Frilyndt ungdomsarbeid og alkoho

Alkoholen er ingen ven av byggjande ungdomsarbeid. Kjem ha til arbeidet so skiplar han det, kjem han til fest, so øydelegg han hugnaden. Han legg uhugge yver mange samkomor og gjev sensasjonshu avisor høve til å kasta skugge og leggja uord både på god og mindre god ungdom.

Den knivkvasse, og tonlause tevlingi um livsyrki som ungdomen stend framfor idag krev utnytting av alle evnor, krev ste vilje og klåre hovud. Skal ungdomslagi verta til hjelp for ungdomen i denne tevlingi, må dei halda alkoholen burte frå laget. Difor hev og årsmötet i Noregs Ungdomslag vedteke fyresegner um dette, og desse fyresegnene er kvart lag som höyrer samskipnaden til plikta til å fylgja.

Aslak Torjussen.

(Skrivar i Noregs ungdomsl.)

Ovtru.

Summe truer og segner er sers seigliva. Folk held på dei, um dei er aldri so gamle og uttarde.

Her tenkjer eg serleg på ovtrui kring alkoholen. Kor mange trur ikkje at fest og rusdrykk höyrer ulöyseleg saman? Ja, meiner at fråhaldfolk må ha det turt og trist og gledelaust?

Ein kann slå i hel desse fordomane med dei mest strålande argument. Ein kann prova med tusund gode grunnar at det er ei heilt meiningslaus ovtru. Men det hjelper ingen ting. Ovtrui lever og blömer vidare. Det er so mange folk som ikkje *vil* bry seg med å tenkja yver *drikkeskikkane*. Og når *viljen* vantar, er det fåfengt å bryta med fordomane. Folk klorar seg fast til lygni; dei vil ikkje vedgå at rusdrykken gjer livet fatigare, råare og tomare.

Den einaste rådi som kann grava grunnlaget burt under denne halvt medvitne vrangtenkjingi, er å inne nye motar for korleis folk ska bera seg åt. For det er ingen ting som er so mektig som etterhermingssykji. Får ein fyrst folk til å tru at d ikkje høyrer med til skikk og bruk å nyta alkohol, vil det vera ein varig siger for fråhaldssaki.

Her hev ungdomslagi ei stor uppgåva og eit stort ansvar. Dei skal gjeva tonen i ei bygd, vera lysande fyredøme for ungdomen som vek fram.

Eit av våre slagord må vera: Eg elskar drankaren, men hatar rusdrykken!

O. K.

Fredsarbeidet.

Til Briands båre kom ei kvinna med ein liten bukett av aveblomar. På det kortet som fylgde med, stod det berre: „Frå ei mor som hev ein 18 år gamal son."

Kva var det dette kortet sa? Det sa: Takk fordi du hev ført ein politikk som gjev von um, at mor kann sleppa missa sin 18 år gamle son, slik som so mange mødrer under verdenskrigen.

Dette er ein tankegang som vinstre vil stydja.

Me må koma burt frå dette gamle, låke ordtaket: Vil du fred, so fyrebu deg på krig.

Det må vera venskap og skynsemd i Nordelandi. Dei nordiske landi må ganga inn for fredsarbeidet i samla fylking. Dette vil hava meir å segja, enn mange trur. Ser dei store, at me ikkje kann semjast, so veikjer det vår stoda.

Når det er tale um nedvæpning, må me vera med. Der finst ikkje det framlegg til nedvæpning som ikkje me kann vera med på.

Johan Ludw. Mowinckel.

Ord for dagen.

Kristne nasjonar sit saman i årevis og ordskiftest, um dei skal halda ved med å slakta kvarandre med dei fælaste mordvåpen eller lata det vera.

Tenk um dei kjöpte seg ei katekisme, og ein steig fram og las Guds lov: Du skal ikkje slå i hel!

Anders Hovden.

Eg kjenner ingen motstandar av alt godt som er so fårleg, so slög, og som trengjer seg so inn alle stader — som drikketrafikken.

Kardinal Manning.

I krigen reddast eg brennevinet meir enn kulone. Kulone? Syng ikkje dei dødsens song? Jau, men rusdrykken er *meir* farleg.

Stonewall Jacson.

Tjuge tusund fråhaldssoldatar er meir verd enn tvo veldesiplinera eliteregiment. Med ein her av fråhaldsfolk vil eg ganga kvar det skal vera.

Lord Roberts.
(Engelsk general)

Rusdrykk øyder fleire menneskeliv enn krig, dyrtid og pest til saman.

W. Gladstone.
(Englands store statsminister)

Vann me yver rusdrykken, so vann me tettpå yver Satan sjølv!

C. H. Spurgeon.

Ymse.

På siste møte i Tovdal heradstyre møtte C. Hillestad med ein liten hund på storleik som ein katt og spurde um det fanst meining i at han skulde betala skatt for slikt. Det vart eit livalt ordskifte som ikkje let seg referera. Einskilde skulde syna kor liten hunden var ved å putta han i jakkelumma, og hunden la seg til ro der, ventleg i redsle – for han hadde nok aldri vore i eit heradstyre fyrr.

Til slutt vedtok heradstyret samröystes å krevja inn hündeskatten av ümsyn til konsekvensane.

Ved Sandar heradsrett var det 16. januar fyre ei sak som ein kjend og velvyrd mann i bygdi hadde reist mot fire kvinnor og ein kar for slarv og vas. Då retten hadde dryfta saki fleire timar, gjekk mannen som reiste saki med på å lata saki falla, mot at alle dei fire kjerringane offentleg tok i seg att alt det stygge dei hadde sagt üm honom. Dessütan skülde dei til saman svara 1250 kr. til Sandar fatigkassa, og sakskostnad både for mannen sjölv og for det offentlege. Mannen som var sakgjevar, slapp fri; han hadde ikkje slarva soleis som kjerringane.

I 1770 nöyddest det engelske parlamentet til å vedtaka ei sovori lov for å verja dei stakkars trüskuldige karane:

„Alle kvinnor, same anten dei er ünge eller gamle, gifte eller ügifte eller enkjor, som lokkar karane til giftarmål ved hjelp av påleke hår, parfyme, höge helar, eller påsette hoftor og brjost, skal lida den drag som lovi set for svikferd, og ekki skapet hennar skal vera ugildt og verta upplöyst."

Kva segjer dei gutane i Rysefjorden som vart lokka og bundne no i siste skotåret? Hev de ikkje hug å reisa til England? Eller og sende ein söknad til det norske stortinget um ei liknande lov her i vårt land?

Alle i salen som er samd i det, får leggja högre handi på hjarta og retta den vinstre i veret. Det er best no med ein gong! Me fekk då sjå kven som hev vorte narra og skotne med „Amors pil" i 1932. — Og det kann verta til god rettleiding for mange.

Men var det noko tak i gjentane våre, vilde dei motmæla ei sovori framferd. Dei vilde heller krevja ei lov for gutane med.

Ja, det meiner eg. For det er ofte synd å sjå kor giftekåte kvinnor vert lokka med fagre ord og fakter, og etterpå lyt tola hogg og slag, svolt og svivyrding.

Men no kann gjentane sjölv segja kva dei meiner. Ordet er fritt!

Ola Bönes,
bladskrivar

„Ljosglimt"

Nr. 3 | 19 februar | 1933

Svar!

I siste nr. av Ljosglimt var det eit stykke som gutane krav- svar på. helst med ein gong. Det fekk dei ikkje, men ver trygg, me hev havt dykk i kjærleg erindring! - Stykket var elles litt uklårt og vandt og skyna. Det var no som vanleg kvinna det gjekk utyver, og til og med det ömme punkt klamotorn. Det er naturligvis berre kvinna som brukar motar og er slave under dei. Det skal me til ein viss grad taka inn yver oss, men det må no vera grensor!

Han som skriv stykket kom med hårreisande döme frå England, der han fortel at det sterke kjönn der burte slett ikkje viste seg annor råd enn å sökja det engelske parlament um ei lov mot slike fæle kvinnfolk; fa innbilske som alle mann-folk er, gjekk dei ut ifrå at det var for å lokka dei, karane, i fella, at dei brukte sleke motar.

No kjem han som dette har skreve med ei uppmoding til dei

norske gutane at du må sökja det norske storting um ei liknande lov. Det skulde han helst ha kome med medan skötåret varde, og aller helst fa ein ca. 200 år sidan. For hvis vedkomande ikkje har fylgt meir med kvinnemotane enn at han trur kvinnone no til dags kjem med putor hist og her for å sjå trivelege ut, so tek han skammeleg feil!

For som nokon kvar veit er det såre moderne å sjå ut som eit strek upp og ned igjenom lokka. Spör dei norske ektemenn, og eg trur det er gådd adskillige kronor meir til avmagring på kjerringane, — eller la meg seggje fruene — enn det motsette. So det skulde vera heilt uturvande å sökja det norske storting um lov imot

Det var meir dei freista lokka til seg mannfolk med burt i England det var t.d. höge helar, godlukt og falskt hår. Ja so lett kan eit mannfolk vera å lokka!! Tenk höge helar! Hadde me visst at det ikkje skulde meir til, so skulde so sandt skomakarane fått jobb i skotåret!

Godlukten skal me snakka minde um, eg trur me er komne so langt at i alle fall gjentone her på landet ikkje ödslar vekk pengane sine til den slags, men heller set si ære i å lukta reint, og so rekar det oss lite kva gamle tipp tipp tipp oldemödre gjorde burti England.

Og tenk å søkje um lov i mot falskt hår! Nett som det ikkje er for mykje det me hev fått frå Naturens hand og! Det har vore so no ei stund, at di snauare, di betre. Kanskje det var det han meinte at det trongst å søkja det norske storting um lov i mot? Ja ver so god! Trur neppe det går igjenom. Kvinnone no for tidi er komne adskillig lenger enn dei var i England for 200 år sidan.

Aldri har dei klædt seg so enkelt og praktisk som no. Det trur eg gutane og so må sanna, ja endå til han som har skreve stykket.

Men det høyrest ut for det at mannfolki fremdeles er like innbilske, dei trur vel det er for *deira* skuld me har klipt håret av oss, og for *deira* skuld me går utan putor, og for *deira* skuld me syr klædi slik og slik. Ja soleis høyrest det ut. Det er endå til brukt eit slikt formastelegt ord som gjiftekåte kvinnfolk". "Som eit kvinnfolk ikkje eig annan tanke i hovudet enn å kapra seg eit mannfolk! Men det merkjelege er at *kor* dei er eller ikkje, so kan ikkje mannfolki vera dei forutan likevel. Difor er det vel ein slik ordning i almanakken og, at mannfolki har lota fått tre år i trekk til å fri i, medan kvinnone lyt greia seg med fjerdekvart år. Og endå veit me døme der gutane også eit *slikt* år har vore ute med kroken

Og eg trur me trygt kan vera samde um det at hadde det vore umvendt, so hadde mange, mange fleire gutar vorte gangande til det grodde mose på dei. For no er me komne so langt at kvinna fær sin stilling i samfundet likso godt som ein mann, og greier seg so störande godt utan.

Og so til slutt: Umak dykk endeleg ikkje med noko sökjing til lov mot kvinnelist, for tenk um me gjorde noko liknande mot dykk!

Og dersom gutane her i vårt lag vil vera ærlege og leggja högre handi på hjarta og rekkja vinstre i veret eller umvendt, so trur me resultatet vart soleis at det nok vart fleire bundne i *eitt* so dei tri åri gutane hadde lov å fri, enn so i skotåret. Jo, kven veit, kanskje har ein kvar vore ute med kroken i året som gjekk også – endå dei slett ikkje hadde rett til det.

Var det elles noko anna, so er ordet fritt fremdeles.

Ein forarga
firklöver

Ei friarsoga.

Arne var uppstrama ifrå topp til tå. Med skone i handi lista han seg ned lofttrappi. Det var om å gjera at ikkje den gamle gjenta höyrde han, for ikveld vilde han ut på frieri. Han måtte sjå til å få skikkelig kvinnfolk hjelp i huset no, for den gamle gjenta hadde vore so sur og sint i det siste, og so hoven som ho eigde heile verdi. Nei, han skulde snart skiljå seg av med henne. Han hadde sleiest med henne lenge nok no, heilt sidan mori döydde, og no var det fem år til våren sidan.

Knikk, knakk, knikk, knakk. Det skreik i troppi, kor forsigtig han gjekk. Au, der for stovedöri upp, og gjenta kom ut. "Kor skal du hen ikveld," sa ho beiskt. "Det rakar deg ikkje," svara han gretten. "Det skulde vore moro å vita kva du far å reker etter um kveldane." "Det vedkjem ikkje slike gamle ugler som deg," svara Arne og sprang ut.

Arne rusla burt etter veien. Det hasta ikkje, det var tidleg endå. Det var til Lid han hadde tenkt seg, til ho Gurina. Det måtte bli ei grepa kjerring det. So tjuk og rau som ho var. Ikkje som dei andre skinntorka jålene, so ein kunde knusa millom hendene som ei dokka. Nei, ho Gurina kunde ta eit tak um det gjaldt ho. Aa, so som han gledde seg ved tanken, tenk å få ei so gjild kjerring ved sida si.

Ei som han kunde vere glad i. Det var berre om å gjera at ho vilde; men han trudde ikkje på det. Hon var betre enn han både i penge veien og elles å sjå til.

Han var nær husi på Lid. Det var stilt, so dei hadde lagt seg no.

Dei hadde bygd nye hus på Lid ivår, so det var berre eine stova og kjökenet og ein lem so det var sett glas i, andre stader var det berre gluggar endå.

Arne steig inn den eine gluggen til nystova, der var det ikkje lagt lem yver endå. Han berre heiv seg upp på bjelkane og kraup forsigtig ut döropningen til stovelemmen. Der var det heller ikkje ~~lem~~ endå. berre nokre lause bord yver loft-troppi og burt til lemsdöri der ho Gunina skulde liggja. Arne keste seg forsigtig bort til desse bordi. No gjaldt det å nå upp til lemsdöri so ikkje gåmlingen höyrde det.

Au! Der vippa bordet han stod på, so han for på hovudet nedyver. Han hadde nok kome til å slegje seg forderva um han ikkje var komen på hovudet ned i barkekaret til han Anders Lid; men då det var fullt av vatn, skinn og börk, tok det av for den verste stöyten.

Anders og Tora vakna tå levenet. Anders for ut i berre underkladi, og skulde sjå kva som var på ferde. Kjerringi slengde på seg ein stakk og kom straks etter.

Herre Gud kva er det," skreik ho då ho såg mannen draga upp ein menneskjeskapning or barkekaret.

„Ein nattafriar til dotter vår,"

svara Anders, full av lått.

Då Arne fekk hovudet upp av görma, trakk han pusten so vatnet fossa um deim.

Slo du deg; spurde Anders.

Ne-e-ei; svara Arne og gjorde seg framand i målet. So reiv han döri upp, og for ut. Sjuk i hovudet – våt og skamfull slang han på heimvegen. No skulde vel gjenta få noka å gå gardimillom med, når ho fekk sjå dei tilsurka kladi hans. Anders vil nok likevel få vita kven som hadde vore der um natti. Og Gurina – Nei, han kan ikkje få seg til å fri til henne no.

Arne var på gråten når han smaug seg i seng den kvelden.

Kari Kalvetra
bladskrivar

„Ljosglimt."

№ 4	25 mars	1933

Eit møte.

Det var på lista i mi fyrste prestetid. Kona var ei sumarferd heim til foreldri sine; gjenta hadde fått difterit og var inlag på sjukehus. Eg var åleine – . mannen som skulde vera heime." Men um eg skal segja det sjölv: Eg greidde det betre enn mannen i eventyret. Frå ungdomsåri heime var eg til med noko få kvart; og i studenttidi i Oslo hadde eg heller ikkje fått store krav til livemåten. Eg budde noko avsides frå folk. O som eg ein dag sat der åleine, kjem det ein middelalders mann inn til meg. Verre fillf hadde eg knapt sett; den eine filla slo den andre; håret stod utgjenom hatten, og tærne ut gjenom skoene. Vest åtte han ikk og knapt skjorte. For meg var det ei avvekslin i einsende. Det er då eit menneske kom eg i hug. Eg tok venlegt og vyrdsamt i mot han; bad han inn og bad han sete i sofabenken. Eg kokte egg, steikte flesk, tok fram bröd, smör, ost og öl. Han vart beden til duka bord og me sette oss der saman. Det var mest so han var blyg i fysstningi. Eg prövde få ein samtale i gong; men det gjekk trått. Me åt og

forsynte oss og smått um sen fina han upp og
blidna. Etter maten baud eg han sigar; me sat
saman i sofabenken og andlitet hans losna
meir og meir. Eg meinte det måtte vera vondt
å vera heimlaus og flakka ikring soleis på det
uvisse. Nei invende han det var just det
som var morosamt. Ein er sin eigen herre
fri og frank hev ingen og eggja for. Ein
uplever mangt og mykje ser nye landskap
og råkar nye menneske. Han fekk lära
det å kjenna soleis som dei i röyndi var. Dei
skapte seg ikkje til for han soleis som dei
gjorde for presten. Presten får bere sjå storfa
og skalet; men han fekk sjå "innvensjonen"
Eg forstod han godt og måtte medgjeva at
det var noko sant i dette. Men um vinteren
helt eg fram må det vera ufyse. Så tunkledd
og liggja i låvar og uthus. Det kom ein skjelm
upp i augo hans. Um vinteren det me staten
föda oss. Me höyrer i statens luxluff med fin
kusk; ein av dei som hev snorer ikring huva,
og staten föder oss godt god mat, gode senger
og fred og kvile. Me samlar krefter og får tid
til ettertanke ja til å leggja planar; dörene
opnar seg snart. Eg sit forbina. Men då lyt
de gjera eitkvart som—. Å det tar kje vera
so mykje eit slagsmål av og til millom venner
ofte etter avtale eller i högdi ei uskyldig nasking
Det skall elles ikkje so stort til for dei som hev
et ureint rulleblad. Ja de veit att ein må
måta det til so at ein ikkje vert sitjande
lenge. Det er tidsnokk når ein vert gamal
og ikkje kann flakka lenger. Eg sit berre
og ser på han. Det er levande augo i

karen utrykket skifter brått dei er skjelms tunglynte velviljuge. Panna er hög og stu av slikkor og runor visseleg ein som hev sett betre dagar. Eg spurde korkje etter navn eller heimstad. ~~Men~~ Eg gjorde det ikkje Eg sat berre og tenkte på kor liten skillnad det er millom fant og fagnamann. Me tagde og berre såg einannan i augo lenge til me båe bo svall i med ein skrallelått yver menneskjelivet og den underlege verdi vår. Då han skul gå tok eg upp ei kruna og vilde stikka til han. Nei de skall ikkje gjeva meg pengar. Der er ein bra mann de eg er heller ikkje so fattig som de trur. Eg peik på fillone hans. Han fliser breidt. Dett er berre forretningsdress. Heime i byen hev eg ein vadsekk med fine klæde. De skuld sjå meg når eg er i puss og reikka på gata med kjeresta. De hev kjeresta og? Andlitet i ein einaste smil. Det hender av og til Eg fylgde han ut og vinka til han. Livleg svinga han fillehatten attende og kom bu bak ein knaus. Ein fant? Ein fark? Eit menneskje?

Bladskrivar

Einar Drange

„Ljosglimt."

Nr. 5 | 6. Mai | 1933

Den siste helsing.

Ho Berte Steinbergsplassen vart enkja berre eit par år etter at Asgrim kom til verdi. Det vart slitsamt for ho Berte å greida seg på denne skrinne plassen. Det var ho som laut sytta for utkoma til seg og sonen no etter at mannen hennar gjekk med i tømmerskogen og kom under dette treet som klemde bringa hans flat so han døydde nokre dagar etter. Men ho sleit seg då igjenom til kvar tid utan å beda bygdi um hjelp, og det var ho meir enn glad for. Det var denne sonen som gav Berte livsvon etter at mannen døydde. Åri gjekk og ho sansa seg mest ikkje før Asgrim stod der ein dag velvaksen, og retteleg ein fast kar å sjå til. So ein kveld dei sat og åt sa Asgrim „Då eg var nede i bygdi i dag, råka eg Torsteinsrud guten som nyleg er komen i frå Amerika. Det var retteleg gildt der borte, fortalde han. Hadde ein lukka med seg der, kunde det bli pengar å tena." „Joso, sa han det, han Kåre. Ja det er mange som er komen seg upp til velhavande folk der borte." „Du mor, eg har tenkt so smått på å slå fylgje med han Kåre når han reiser attende ut på sumaren. Her heime går det so smått med å koma seg fram. Det blir berre slitet av det."

Det stakk so vondt i bringa på Berte med det same han sa det. Skulde ho mista sonen og so vart ho skuvande åleine på [illegible] bergsplassen. „Eg lika ikkje at du skal reisa frå meg, det vert so einslegt for meg her då. Er det ikkje noko anna du kann få tak i her heime [illegible] kann verta framtid for deg? Enn um du tok til å rydja denne plassen som far din her [illegible] på?" Det kann eg gjera når eg kjem att, mor. Eg tenkjer meg ikkje til å vera borte heile mi [illegible] for det um eg reiser no. Og deg mor, skal eg [illegible] hugsa på. Eg skal senda pengar til deg, so du ikkje skal lida noko naud med eg er borte."

„Du lyt gjera som du sjølv tenkjer er rettast i dette. Eg kann ikkje taka frå deg framtidsdraumane dine med å nekta deg reisa."

Og det vart til det at han reiste. Det vart [illegible] dagar for Berte som solis vart åleine. Men det kom titt og ofte brev frå sonen og pengar låg det med kvar gong so ho leid ingi [illegible] Det var alltid so gildt stunder for Berte [illegible] desse brevi kom, og ho var so glad når ho hadde stava seg gjenom dei og såg at det gjekk han berre godt. Då var ho trygg på at det ikkje vart so lenge før han kom att.

So kom krigen.

Same sumaren får Berte brev frå sonen att, og denne gongen fortel han at han hev løyst borgarbrev og er vorten Amerikansk borgar. Eit par år går att so får Berte eit brev frå sonen som gjer henne tung i hugen: I brevet stod det:

Kjære mor!

Eg har noko tungt

å fortelja deg denne gongen. Noko som eg har venta med i lengste laget. Du veit verdenskrigen som no rasa ut i verdi. Landet som eg no er i, er og komen med i denne krigsdansen. Om nokre dagar skal eg reisa til fronten. Me får vona at eg vender levandes att derifrå. Og då skal det ikkje verta lenge før eg kjem heim att til deg. I kveld sit eg her i denne framande staden og skriv til deg. I tankane er eg hjå deg. Eg sender deg nokre pengar no og Men skulde det verste henda meg, so eg ikkje kjem heimatt so er det ordna slik at alt som er etter meg vert sendt til deg. So må du leva vel og vera ved godt mot. Eg vonar at eg kjem levande heim att.

Med mange helsingar
frå
Åsgrim

Det vart eit tungt slag for Berte dette. Og ingen kan tenkja seg den ank ho gjekk i for sonen etterpå. So gjekk det ei tid att. Og so kom det på eit brev til Berte. Skjelvande av otte opna ho brevet og les:

Kjære mor!

Tak det ikkje for tungt. Det er slutt no. Eg vart såra og ligg no på eit lasarett her og skal döy. Slik skulde det gå. Det er ikkje so rart med meg no. Det er berre so vidt eg kann skriva desse ordi. Eg kjem aldri heimatt til deg meir. Krigen er skuld i det. Måtte folk eingong vakna til vet og gjeva slepp på denne forbanningi, Det er mitt siste og einaste ynski her eg ligg. Eg har sett meir av liding

inn du kann tru. No orka eg ikkj
mar. Vonar at dei pengane som er ill
meg vel greida seg heilt ut for deg.

Ha det godt mo

Asgrim

Ved
„Ein journalist"

„Ljosglimt"!

No. 6 | 5. Juni. | 1933

Arven.

Arven me fekk frå fedrane, den ser de langt der nede Den arven er bygdi vår, den har me teke frå oss og verna um, og stella med, og bera vidare til komande slekter. Det er kje nett noko storverk me skal gjera i alle fall ikkje eit som det skal gå ry um, nei det er no helst i det små, i det daglige strevet me skal lyfta arven.

Men me må kje verna han med trongsynt pietisme, for det vert helder småt me nimi fram med det. Idealet vårt er å få vekk trongsynet, me vil gjera oss fri for det. Gjera oss fri slik at me sjølv vert fri, so me kan arbeida for ungdomens frie framsteg i eit fredelegt land. Det er eit lyft for fedraarven, som det er vert og ta eit tak for „Ungdom set ungdom fyrst"!

R. Bruun

„Vardevakt"!

Ein ungdomsflokk med leik og lokk
har stige upp frå strand.
upp frå tronge ættersyn til frie ljose toppe!
so vent som var dei varde vakt.
um fedrars lov og pakt
ei vakt for utsyn yver land
er viljen hjå kvinna og mann

enn du kann tru. No orka eg ikkje mer. Vonar at dei pengane som er etter meg vil greida seg tvert ut for deg.

Ha det godt mor!

Asgrim

Ved

„Ein journalist"

„Ljosglimt"!

Nr 6 5. Juni. 1933

Arven.

Arven me fekk frå fedrane, den ser de langt der nede. Den arven er bygdi vår, den har me teke frå oss og verna um, og stella med, og bera vidare til komande slekter. Det er kje nett noko storverk me skal gjera i alle fall ikkje eit som det skal gå ry um, nei det er no helst i det små. i det daglige strevet me skal lyfta arven.

Men me må kje verna han med trongsynt pietisme, for det vert helder smått me nimr fram med det. Idealet vårt er å få vekk trongsynet, me vil gjera oss fri for det. So gjera oss fri slik at me sjølv vert fri. so me kan arbeida for ungdomens frie framsteg i eit fredelegt land. Det er eit lyft for fedraarven, som det er vert og ta eit tak for. „Ungdom set ungdom fyrst"!

R. Bruun

„Vardevakt"!

Ein ungdomsflokk med leik og lokk
har stige upp frå strand.
upp frå tronge ætteryn til frie ljose toppe!
so vent som var dei varde vakt.
um fedrars lov og pakt
ei vakt for utsyn yver land
er viljen hjå kvinana og mann

Til fret for meg, til fred for deg!
me stend på vakt ved varde.
Fra småsynt fjord me fin ossveg
til fjelli gamle harde.
I ljose sumarnetter
me skremer vonde vetter
på flog over Norigs jord.

Her står me og her går me
i kav og mas frå morgon og til kveld
i gløymsla sig kvart verk
som fyr oss gjorde sterk.
Men enn ein gong me reiser oss
til minne um det som var
og for det som ætti bar.

Og difyr er du varde vakt,
kvar mann og kvinna her,
for sameint kamp for landet kjert.
Det er den største makt.
Det er de bod som fedrar gav
til oss den unge vakt.
Det dei helt av det hevdar me
til me ligg kav i grav.

Tend so varden ungdom, og lat han lysa for di sjel, lat han lysa i framtidi i fred som i strid, For Norigs framtid.
Trengst det!

R. Bruna

Frå havnen!

melder korrespondenten at: 20000 toneren „Lars Hagge“ er avgåt frå Bremenhafen den 30 mai. kjem til Syrefjorden via Hardanger medio Juni. Et prektigt skib kofortabelt og rummelig segjer „Pollitiken“

Slepebåten „Fjerde smutten“ ströytte på storholmen natt til 1 pinsedag. Havaristen står verhart. Førsatet var skadda i övre regionar.
Bergningsbåten „Magnhild“ kom straks til Hjælp bergningsarbeidet fyregår framleis

Motorkutteren „Marie Wik“ kom den 1ste fyldlastet til „Balen fabrikker“ Lasten består hovedsagelig av meieriprodukter

Seilkutterer „Margit“ er nu opprigget for sesongen. Den har 2 mot 1 sjangse for å vinne Syrefjords pokalen.

Fiskedamperen „Edvard II“ ankom i går fra bankerne med full håbrands last
Prisen er for tiden flau på håbrandsmarkedet.
D/S Richard With ankom i går nordfra
Blandt lasten kan nevnes et parti törfisk på Egelsen Og sönner

Lastedamper „Anna“ går i rang på atlanteren og venter ordre. lasten består av ull og filler & diverse.

Betelskibet Alfred 4 gikk i dag i tørdokk for bund eftersyn. m.m.
Det er anmeldt endel frakt sökninger men navnene mangler så vi får vente til det respektive rederier åpner i morgen Red. an.

Bladskriver
R. Bruna

„Ljosglimt"

Nr 7 | 22de oktober | 1933

Det som er fare, og det som kjem.

Hausten er komen. Det kan ein sjå på trei som har gulna, bøane som er snaue trekkfuglane, der imillom byfolki, som er farne, og meir slikt. - Eit haustmerke er det ogso at ungdomslaget er byrja, og det var ikkje fortidleg. Det må vel seggjast at tribunen har gjort si tenesta for i sumar, det vert for kaldelegt å sitja der, i allefall må det verta hustre nok for ~~vegge-~~ veggepryden — eller rettare sagt benkjepryden. Nei no er tidi komi då folk lyt ty innadørs for å ha det koselegt. Ein kan ha utkome til å ta ein pust og sjå attende på sumaren som har gjengje. Han foi so altfor fort, som ein fager draum, med solskin kvar dag. —

Lysefjorden er til vanleg ei fredleg bygd, det er ikkje stort det som hender utum det vanlege. Til dei Større hendingar lyt reknast kvar gong ein ny Lysefjording ser dagsens ljos for fyrste gong, samt når ein imillom seggjer verden farvel, og til dei aller største hendingar lyt reknast um einkvan finn på å jifta på seg. Alt som no er nemt har hendt ogso i sumar. Men denne sumaren

har det hendt so mykje meir ogso. Det har vore som ein merkesumar på mange måtar. For å nemna i fleng: Vor felleskjære gamle tuktemeistar har teke avskil i nåde, og ein ny har etter mykje strid og kav kome i staden. Det ser ut **som** at kunnskapstrongen er sterkt aukande her i bygdi og som me veit er det ogso byrja ein framhaldskule, og på den skulen er det ikkje småtteri dei talar med! Matematikk, gymnastikk og fysikk, geometri, geografi og anatomi, konstruksjon og deklamasjon, og som toppen på alt: engelsk! So den som lever til våren, må rekna med å ikkje kunna fylgja *med* i alt som vert snakka um. Ja sant å segja kan ein alt no merka at det nye gjer seg sterkt gjeldane. Men inkje minst for oss her i laget har sumaren vore ein *mer*kesumar. Vår store draum frå fyrste stund er no vorte verkeleg. Me kan med vore eigne augo sjå vort eige hus, stort og fint, stå der på knatten, og lysa utyver bygdi. Og me kan vel ikkje anna enn tenkja på vinteren som skal koma. Det skal verta anna til greior enn å sitja innpå „Bakken" og ikkje få röra korkje hand eller fot på sjelavis. I ånden ser me fyre oss festar fulle av moro og gaman, med talar, skodespel, tablå, svingum, song og musikk. Kva gjer det so um sumaren er forbi? Me kjenner det på oss alle saman at ei ny tid er komi, og difor byd me vinteren velkomen.

„Optimisten"

Ein liten oppmuntring.

Når ein mann frå år til år utföre eit samvitsfullt arbeid på kontoret eller ein annan arbeidsplass, og han aldri får eit oppmuntrane ord av schefen sin, so föler han seg både tröytt og leid mongein gong av arbeidet. Det kan ogso henda, sjölv um han ~~er~~ av ein fast karakter, at han under slike forhold, föler seg freista til å vera mindre nöye med sine plikter. Möter ein slik mann heller ikkje nokon takksamheit i heimen, so vil han lett få den oppfatning, at det er ikkje umaken verd å gjera sitt beste og föler arbeidet ute og heima som eit slave arbeid. Me kjem ikkje bort ifrå at dei allerfleste menn ~~som~~ som dag etter dag, år etter år går til det same gamle arbeidet for dermed å forsyrja famelien sin, er verkelege heltar, Me unner dei ein oppmuntring, og dei tar i mot han med gleda. Men tross dette kan det alikevel ikkje nektast at enkelte menn set altfor liten pris på den store hjelpi han har i kona sitt like einsformige arbeid for heimen og famelien. Ein av grunnane til at mannen tenkjer so lite på verdien av kona sitt arbeid, er uten tvil den at når han kjem heim etter dagens slit og slep er altfor tröytt til å „reflekktera" yver kva han tek i mot. Han eter og etterpå slar han seg ned i ein mjuk og behageleg stol med ei avis. Dei fleste har nok erfart at når ein er tröytt, so hev dei ikkje so lett for å leggja merke til alt. Han ser ikkje at kona hans har hengt upp nye gardiner, og han tenkjer ikkje på at ho hev laga han herremanns-kost til han kom heim. Han merka nok at stova er lysare og finare og maten smaka godt, han har ein nesten ubevisst för-

nemmelse av at det er koselegt å vera heima og ha ei
kona til å stella for seg; men samtidig synest han
og at dette er berre ein del av arbeidet hennar
og det er ikkje noko å snakka om.
Det er naturleg ein del av arbeidet til henne, men
det er ogso noko anna. I dette arbeidet fletta ho inn
lukkelege draumar som gjer at alt går so mykje
lettare frå handi, og ho fortenar ein liten opmuntring
Dersom mannen visste kor mykje kona hans under det
daglige arbeid i heimen har hatt han og hans triv-
legdom i tankane – om han ante kor glad ho vilde
verta, ifall han med nokre få ord let henne forstå
at han sette pris på alt arbeidet hennar – so vilde
han kanskje sikkert avogtil ta seg i samen og rista
„slövheiti" av seg. Sjölvsagt veit kona at det er ei
av pliktene hennar og vareta heimen sin og forvalta
dei midlar som ho er betrudd på beste måten,
men dersom mannen tenkte litt, so vilde han forstå
at det er menneskjeleg å lengta etter eit ord som er
opmuntrane. Den svakheiti kan han sjölv ikkje segja
seg fri for. Opmuntring gjev styrkje, gleda og velsignelse.
Me trur kanskje at noken ord meir eller mindre ikkje
har noko av „betyding," men soleis er det ikkje.
Eit opmuntrane ord kan bera og hjelpa over
mangt eit stykkje på livsveien.

„Freya"

Skræddarsveinen.

Det var eingong ein skreddarsvein
med hanskar og flossehatt
som gjekk til ei jomfru på hanebein
kvar evige laurdagsnatt.

Um dagen sat han med saks og nål
og bia på neste helg,
tildess han vart grann som ein vinturål
og skrinn som ein gamal belg.

Og når han omsider til laurdags vann
då stod han i all sin stas,
og kasta med småstein so sveitten rann
på gjenta sitt kammers glas.

Men skræddaren, stakkar, vart slegen ut,
og jaga på dör som ein hund,
og det av ein diger skomakergut,
på atten bismarpund.

Og det var den vesle skræddarsvein,
han visste seg inga råd,
han hengde seg på ei björkegrein
i tilagd sneldetrå.

J. S.

Nils J. Kollen

Bladskrivar.

„Ljosglimt"

Nr. 8	5. November	1933

Hausttankar.

Håyrer du det sjelv i lund og lider
song om blomar som i natt må dåy.
Leva, elska, visna burt og glåymast
er livsens lov for mann og möy.
Og du tykkjer kalde haustkveldsskyming
har si skodda yver livet lagt.
Sola med si varmeglod er burte,
Vonlaus er din strid mot myrkers makt.

Hogg du fekk der du gjekk fram i striden,
og du kjenner hjarta såra er.
Skal da alltid vondskapsheren vinna,
tyna for oss vårkveldsdraumen kjær?
Rosme du såg så fagert blöma,
Fraus du ikkje no ei haustnatt tort?
Skal det visna slik og tene öydast,
det du stridde for av sant og stort?

Skal me lata vintersnö og kalde
slökkja vona som oss våren gav?
Skal me lata tvil og myrkeskodda
leggja kvar ein fager draum i grav?
Skal me tru for det at blomen visnar
at det aldri blömar fleir?

Og når kalde haustvind hugen isnar,
skal me tru det kjem ein soldag meir?

Nei, me kann ei sleppa livsens vona!
Rett og sanning vinna skal til slutt.
Sterkare er Gud enn myrkemakta.
Hugs det, bror, og hald i striden ut!
Djupt i barm skal helgar klokka ringja,
leggja högtid över kvardag grå.
Aldri, aldri sloknar kjærleikssola,
enn ein gong skal himlen verta blå!

(S. Sagberg.)

Eit ungdomsminne!

Eg var nede tjå henne Kari her um dagen og me röda um mangt og mykje. Me tala um ungdomen no for tidi og um korleis han var i hennar tid. Ho Kari tykte det var ikkje stort sjilna på det. Eg bad henne fortelja eit og anna på ungdomsåri sine. Men då vart ho Kari so still av seg, og då eg skulde sjå burt på henne stod dei blide augo hennar fulle av tårer. Eg spurde kva som fattast henne. Då sa ho at ho kom i hug eit sårt ungdomsminne som ho aldri kunde glöyma. Eg plar aldri snakka um det til nokon, men til deg skal eg fortelja det. So sette ho seg godt tilrette og tok til å fortelja. „Du minnast vel han Einar Nes som no er död. Han og eg var like gamle og gjekk på skule i lag. Då me vart vaksne var me mykje saman. Me trulova oss; men ingen visste um det. Folk snakka no sakkens um oss, og sa at me var eit vent par; og han var no ven han Einar," segjer ho Kari som for seg sjölv.

men so drog han til byen, og skulde gå handelskulen.
me lova å skriva til einannen og då han vart
handelskar skulde han koma heimatt og so skulde
me hava brüllup. I fyrstningi vanka det ofte
brev, og du kann tru eg var lykkelig når dei kom.
Men so vart brevi sjelnare og sjelnare og til sist
kom der ikkje noko meir. Eg sat heime og venta
og venta. Ikkje gjekk eg ut heller. Eg fall heilt
saman av sorg, for at han hadde svike meg og
funne ei fin bypiken var noko eg sjyna. So
ein dag las eg i avisi at han Einar skulde
gifta seg. Den dagen kom eg ikkje for folkeaugo,
for eg var ikkje god for å sjå nokon. Men eg
måtte ta meg i saman og visa folk ei lyft
panna og eit smilande andlet, kor sårt det var.
Nokre år etter kom han heim med den fine frua
si. Eg mötte han på kyrkjevollen. Han helsa på
meg og spurde kor eg livde. Han var like fager
som før; men augo hadde eit lengtande blikk.
Det var som dei lengta etter noko dei ikkje hadde
funne. Me gjekk i lag på heimveg og der utöste
han sitt arme hjarta for meg. Han hadde gift
seg for pengane og ikkje av kjærleik, for si
ungdomsbrud kunde han då ikkje glöyma.
No er det mange år sidan det. Han er död
og begraven, og eg lever att og ventar på, at eg
og skal få flytta.

(Ein ungdom)

Den kjarleikheita

Han Per på Nesa var so stikjande galen etter henne Maria hi. Han tenkte på henne natt og dag, og når han var åleine, snakte han med henne med seg sjölv. Moria hans, ho Gurina skulde av stad og bunne kyrne her ein dag i vår. Men med det same ho letta på florsdöra, fekk ho höyra det snakka ned i mottinga. Den eine som snakka det var no han Per, som ho höyrde no, men kven hi var, ja da var i gjente og, nei det kunde ho ikkji sjyna. Det var slik ein lått, og slikka godt prat der nede, rett som det skulde vore eit kjærestepar! . . . . Kven i all verdi kunde det vera her på Nesct midt på hardaste yrkedagen og i mottinga? Ho Gurine vart ikkje god til å halde seg. Ho stillka seg bort til florsluka og lydde etter. No var det Peren som snakkte. „Dü kann kje tru kor fælt eg har lengta etter dig! Eg hev gått og tenkt på deg stödt, hev mange ganger vore tenkt å snakka med dig um sündagskveldane når dü hev vore ute; men eg har ikkje våga meg til. Kor snild dü var fordü kom opp til meg i dag! Likar dü meg?" Ho Gurine vart både glad og skremd. Kom ho ikkje her dettande midt opp i hardaste friarie. Å ja, det var no på tida han fann seg ei no, han Per, han slang då opp i dei tredive åra snart.

Men no laut ho lyde etter kva gjenta sa. „Å, Per, eg hev likt deg lenge!. Eg har berre gått og venta på at dü skulde komme og drøype med meg. Dü må ikkji tru eg er glad i den stauren oppe på Tveita! Han heng etter meg stödt. Eg veit ikkje mi arme råd å verta kvitt han!.. Stakkar, men når eg er i lag med deg skal dü vere trygg! Eg skal nok vite å halde han unda,

skal du sjå. Ikkje sant? – du vil vel berre drøyge med meg heretter?" Ja, å-å det vil eg. Men då ho Gurine høyrde kor dei kysstest, vart ho so forvita at ho laut lette litt på luka so mykje ho såg med. – Kva slag! Der stod han Per åleine med i mottinga. Han stödde seg attåt greipa og smilte og gjorde seg fin i målet. „Per du må kome opp på loftet til meg i kveld!" Då vart ho Gurina sint likevel. Ho letta på luka og ropa ned. „Du måtte skamme deg Per! stå med slike narrepakte ein vaksen kar. Vil du berre sjå til og arbeide med deg din slûsne!" Per vart forferd kann du skyne, tok eit stig tilbakers og for på ryggen i mottinga, slampen! Men ho Gurina klemde luka att so det small. „Set på slikt!" sa ho, „koma ~~og~~ her og lure, og gjere narr tå eit gamalt menneske."

(F. O. H.)

Ymsingar.

I år hev me havt ein gild sumar på alle vis. Veret har vore reint fortryllande. Ikkje ein laurdagskveld har det streika. Og jamen har det vore utnytta og. Det har vel sjeldan vore slik liv i hysefjorden som i år. Og kven kann me takka for det tru, jau sjölvsagt vår gamle venn som atter vart födt pånyt. Vart fulla nöydd for det, for Sakstadkai-palasien fekk ein snögg ende. Eit styggt slagsmål inntraff, vart visst til stor skrekk og advarsel, for ein vart liggjande inne ti lange vikor for å rysta forskrekkelsen av seg. Men best det var so stod „hampen" der ljos livande og lokka. Og spör um ikkje der vart publikum nok?

Trods sume tykte visst at 25 åringen vart for heisen å mötta ut med, nei då var det likare å kosa seg um ein mösadunk då, og so sidan ut og spela nevegård.

Men på hin sides jordan kom dei traskande både svarte gjöre, både til fots og til hest. Og bygdgjentene kåra på toppen og tok mot dei med eit hjartelig „giv akt." So bar det på tribunen, og dansen gjekk lystig til langt på natt, ~~og~~ mens mösakongane „måtte vende hjem med skam.

Den gamle bilruta vart nöydd og leggja upp, konkurangsen vart altfor stor. Dei fine hjul tok farten fatt og tilla truleg for alle vindar. Men her vanta kje skyss for det, nei „slåpen" stod trofast til tenesta og det kom visst vel med so mang ein gang. Dit piktöver tykte det vart altfor trangt her, dei måtte kvar evige helg ha seg ein tur. Vegen var uansett etter som det höyrdest. Ja me skal fresten ikkje tykkja det var so rart, for dei trong mest ha fjorden for seg sjålve.

Nokre fann det for bymessig her i bygdjorden, Dei legde seg bil og drog til fjells med ryggsekk og flaska, ja alt tilbehör. Har du hug å få vita korleis det er å spela byfolk, so berre spör. Bydansane var svært i teten i år, takka presten for det då her ikkje var andre ledig. Den mosegrodde gutestigen yver Langedalen er no komen i full trafikk. Vaktaren vert nöydd å forbedra han dersom han skal kunna gjera si tenesta framleis. Men det er kje farleg, her er vel dei som tegnar dagsverk tenkjer eg.

Fana komune kjem truleg i den nermaste framtid på kassen, då dei må halda store reparasjonar på „Fjellveien". Svingane var altfor knappe so farten kunde kje vera större enn 5 km måtte ordnas til 30 då passasjerane elles ikkje kom tidsnok fram

Men all moro måtte fluksens stansast då politikken kom og kravde sin rett, med Brochmann i spissen. Ein kunde höyra högrösta bönder og arbeidar langs vegskifti til langt på natt. Det mangla visst ikkje på talegåvor hjå nokon kvar i dette hövet. Og meinar du ikkje lensmann Dal måtte hit för det vart ende på ståket. Og det var på hög tid, for no lyt ungdomane til å tenkja på å få i stand ein greid fest til det nye huset skal vigslast.

Ein tilskuar.

Bladskrivar

M. Djupvik.

Ljosglimt

Nr 9 | den 19 November | 1933

Smånytt.

En sjornalist er opdaga i Lysefjordensungdomslag på forigående møte.
Hendes store ideale er, att få inn fantasiriki romaner, samt kjærlighetsromaner. Tar inn hvad som helst. Skriver alt leser alt.

[redacted]

Helsing ein lagslem.

Til den fantasiriki!

På det fyrre Ungdomslagsmöte var det som de huskar, ~~var det~~ upplese eit fantasirikt rim, som gjekk utyver ein del ungdomar her i laget

Kva skal sovore tena til tru?

Er det til å byggja upp eller til å riva ned? Trur helst det siste.

My skal ikkje namngjeva dei som hev skrive rimet, men segja til dei, att dersom de ikkje hev noko anna å skriva um enn sovore tul og töys um andre, som berre riv ned og ikkje byggjer. det spör upp er det mykje betre ein let det vera.

Me meinar att det er so mykje anna å skriva um, att de tarv ikkje taka ut visse personar og til å med namngjeva dei.

Lat vera og dikta saman og lesa upp sovone skitne og fantasirike rima um andre!

E. & O. S.

Bladskrivar

Ole. Söviknes

Fjosglimt!

№ 10 | 3 desember! | 1933

Kona di.

Det var her ein morgon det gjekk tvo karar framum ein heim. Kona der stod og heldt uppe grinda medan mannen köyrde bilen ut i vegen. Komne framum sa den eine mannen: dette er ei overlag dugande kona, ho let uppe grinda for mannen sin når han reiser til arbeid um morgonen, og ofte har eg set ho har stade uti hagen og spada mest som ein mann. Ja den andre hadde og lagt merke til henne, og var samd i det den fyrste sa at maken til flink kone fanst ikkje. Begge karane var gifte. Eg hadde höve til å höyra den eine mannen når han kom heim til nons um dagen, det var altid eit og anna han slengde i kona si, um den dugane kona ned i svingen. Og ho tagde, tok i mot med tolmad, dess ikkje gå, men såra gjore det, såra djupare enn mannen trudde. Ho tykte ho streva ho og, streva frå morgon til kveld, aldri leigde ho hjelp til nokon ting, men det var vel so at ho ikkje var so dugande som andre då, når mannen stödt slengde i henne um henne der nede. Ho kunde

ikkje skyna kva som vanta heller, for
ho hekk i med arbeid seint og tidleg. Sifta
og yngste god tur, gjorde ho når mannen
reiste til arbeid um morgonen, og velkomen
heim vart han ynsgt når han kom att. Dette
gjorde ho ikkje for at nokon skulde rosa
henne, men av di ho var glad i han. Når
fekk ho god tur, med, når ho gjekk nokon
stad? — Aldri! Elles var det no mest
aldri ho var utom döri heller, det var
mesta berre kvar gong ho gjekk til hand=
handlaren. Dette hadde ho ikkje teke so
tungt, men alle slengorda um kor dugande
hine var, det reiv djupare enn nokon hadde
og det sette seg som eit sår inne i bringa,
eit sår som vart djupare kvar gong sleng=
orda kom. Ein dag eg kom til å sitja
åleina og röda med denne mannen, og
me tala um heimane og lignande, kunde
eg ikkje halda meg, men sa at eg ofte
tykte han var stygg til å snakke til
kona si. Kven er det som steller i stand
til deg um morgonen fyrr du går til
arbeid ~~um~~? Kona mi. Kven steller
huset, vaskar klæde, syr, böter, held klædi
i stand? — Kona! Kven sender
gode ynskjer med deg når du går, og möter
med smil når du kjem att? Kona!
Kven högg ved og ber inn? — Offtast kona —
Det sist kom noko dragande. Sjå
der, kona di er det som gjer alt, både
sit og ditt arbeide heime, kvifor sårar
du henne so tidt med å skryta av
andre? Tenk over alt ho gjer, ver
glad i henne og takksam, skyt av

henne ~~av~~ ein og annen gongen, ho har vel fortjent det, og eit kyss er som salt i maten. Det gjev glede og mod, og friskar upp. Kan hende kona di gjer mykje meir, enn ho der nede i svingen. Ikkje har du hage, ikkje har du tid. Kven veit um ikkje kona di vilde gjera nett det same, som ho der nede um du hadde hatt desse ting. Kona di er flink, ho er overlag flink; men kva skynar du på det og kva gjer du for henne? Aldri tek du henne med ut å gå turar, aldri går du i kyrkja med henne. Eg veit ho saknar desse ting. Ho er glad i deg, likar å vera i saman med deg. Og ho vilde setja pris på at du tok henne med ut. Alle menneskjer treng koma ut ein og annen gongen og råka folk. Gå aleine er so keidsamt. Vis at de er kammerater, som skifter både sorg og gleda, og lat ikkje kona gå som ein træl for deg.

Veit du kvifor kona nede i svingen alltid ser so glad ut? Jau, mannen henna er slik at han tykkjer alt er so vent og gjildt heime. Når han kjem heim har han altid med seg smil og godord, og fyller stova med friskt ver, tek ofte kona, svingar henne rundt, og gjev henne ein klem, med ein frisk kått etterpå. Og um laurdagen har han gjerne ei skrylla med godt, til kona og borna som takk for dei har streva i veka. Eit og anna har han då um ikkje plent ei skrylla. Og gleda er stor–

fjå alle sammen. Du kor gjält dei !
har det gjält! Desse to menska kan
sin tidt og ofte sjå sammen med barne=
flokken sin, både i skogen på turar,
og andre stader.
Sjå i deg sjölv: gjer du
slik? hever dykk i dag på denne måten?
Kona di gjer kva ho kan, men gjer
du? Han tenkte seg um — Trega
han? — !

Eppletyvene !

Hans og Per hadde vart avsted og
stjålet epler en kveld. Vi deler epplene
mellem oss, sa Hans, men var skal vi
finne et passenex sted? Vi går innpå
kirgkegården, sa Per, der komer ingen
nu, Isa sent og mörkt som det er. Da
det var komen innenfor kirkegårds-
gjerdet, la de epplene i en haug. Det
tillet ek utenfor gjerdet, sa Per. Dem
tar vi til slutt, sa Hans, og så begynte
han ~~å~~ delingen, den skal du ha, og
den skal jeg ha, og den skal du ha, og
den skal jeg ha. Klokkaren kom til-
faldigvis forbi og hörte det mysiske
settningar inne fra den mörke kirkegard
Skrekk slagen styrtet han avsted til presten og
meldte Domedag er komet! Deligen er
begynt ~~upå~~ kirkegården! Vad er det
for noget töv? sa presten, med
blev nå med likevel burt til kirke-
gårdsgjerdet. Innefra löd disse uhyggelige

ord ut til de to lytten. Den skal du ha og den skal jeg ha. Og nu er vi ferdige med alle her inne, nu tar vi de to som utenfor gjerdet.
Da sprang presten og klokkeren.

En Misforståelse!

To gamle sjöulker möttes en dag nede på bryggen i noen og tyve grader kulde. Den förste sa: Han er svinkalt i dag. Den annen, noget tunghört: Ha
Den förste gjentar: Han er svinkalt!
Den andre går nærmere: Ha.
Den förste skriker i öret: Svinkalt
Men den andre missforsted dette og gav den förste ~~og~~ et slag midt i ansigtet.

En ung gutt ute frå skjærgården, var for förste gang i en vestlandsby, og blandt annet skulde han kjöpe en helvedessten inne på et apotek. Inne på apoteket stod en kölsvart neger. En rase som gutten alldri hadde gjort annet bekjentskap med, enn det han gjennem sin barndom hadde hört og lest om svartemannen. Hans forbauselse blev derfor meget stort! Da han fikk se han inne på apoteket. Apotekeren henvendte sig til gutten, og spurte gutten vad han skulle ha, men denne bare rystet på hodet, uten å si et ord, samtidig som han ikke slapp øynene fra negeren. Da negeren var ekspedert, og gjik sin vei, kom gutten frem med varene sit. Apotekeren spurte da, hvorfor han ikke hadde sagt dette, da han blev spurt derom. Nei, sa gutten, eg kud da it forlang helvitesoten, når svartan sjøl sto der.

Astrid Sperrevik

Bladskrivar.

„Ljosglimt“

No 11	Innvigjingsfesten 9de desember	1933.

Velkomen!

Velkomen du unge!
Velkomen du eldre!
Velkomen alle til vår nye heim „Ljosheim“.
Denne heimen som me hev lengta mot, som me hev dröymt um, og som me alle saman hev arbeidt og strevt for å nå fram til, no hev me fått han! Sjå kor gild og unaleg han opnar seg for oss, kor kjærlegt og mildt han tek oss inn til seg, bitt oss saman med heimslege systkinlenkjor.

Ungdom! Når me i kveld er saman til vigslegilde av heimen vår, lat oss då taka i mot det heimen byd oss: Fred og forsoning. Glöymsla frå alle samanstöytar, som kanskje hev vore såre og vonde. Lat oss glöyma og riva burt alt som freistar å stengja for systkinåndi i millom oss. Lat oss i truskap mot einannan, i truskap mot alt som er ljost og godt og heilagt, gjera heimen vår til det han skal vera for oss — ein heim som alltid leider oss på dei ljose livsens vegar, som ogso er Guds vegar, fram mot eit rikt og godt menneskjeliv.

Til dette helsar „Gosheim" alle ungdom velkomen, alle eldre — fedre og mödre — som elskar flokken som som sine born — Velkomen — velkomen!

A. E. Söviknes.

Hugen fer so vida.

Den blide, vene Lysefjorden, holmane og nesjane, skogliene og fjelli — alt hev vel vore umlag som no — like dårande vakkert.

Likevel hev bygdeandlitet skift fram gjenom tidene.

Fyrst vil me stogga uppi „Kloster", gå i kring i röysane der, sjå på stein for stein, og lata tankane sviva fritt. Du minnest snart det du hev höyrt: Her på Lyse stod ein gong eit av dei venaste klostri i landet. Her hadde gode velgjerande munkar heimen sin. Her sökte dei Gud i einsemd, tente han i arbeid og bön. Lyse var då, i beste tyding, ein verkeleg liten „Guds dal".

Men atter seig natt på landet ned. „med trældom og tunge tider". Denne natti la seg yver vår bygd med. Klostret vart rive. „Bygdeandlitet" vart rispa

til blods, skitna og skjemt av vonde, framande makter„ Guds dal" vart gjesta og røva av tjuvapakk. Og so kom trældomen og dei tunge tidene.
Men morgonen rann, og myrkret kvarv. Lyglendingane vart bønder att, fekk sitja på sjølveigande gard. Og ein vakker dag kom den„ norske nordmannen frå Norig", „eventyrprinsen", felekonge Ole Bull, til Lysefjorden. Då vart det stas, kan de tru. Folk rette ryggen, gjorde„ kjerringskyt" og glåpte, for venare kar hadde ingen sett. – Han bygde hus på Lysøyi. Kven hadde tenkt på det fyrr? Men slike karar fann på so mangt, ein laut tola det. Og snart var han venen deira. Han bad dei heim til seg. Serleg la han elsk til spelemennene, som her mest då var mange av i fjorden.

Noko so hugtakande hadde ingen vore med på fyrr. Ole Bull sjølv var som ein solfest – som lyste upp yver det grå kvardagsstrevet og sutene.

„Slike menner måtte aldri døy!" skal ein av gamlingane her ha sagt. Han fekk rett i det. Minnet um Ole Bull vil alltid leva her i Lysefjorden. Måtte det berre få mana ungdomen fram gjenom tidene til å setja slik glans og glim og vyrdnad yver bygdi, som han gjorde.

No – tidarhjulet sviv, og folkesed og skikk skifter med åri. Dei gamle træla og slet heime på bruki. Og skulde dei ut av fjorden, var vegen lang og mødesam

Sume kom aldri heimatt - Krossfjorden tok deim!

Men „bygdarandletet" hev teke form og venleik her og no. Hesten dreg plogen, horvi, slåmaskinen og høyet. Der kom vegar, vogner og biler. Det er lett å koma og lett å fara. Serleg no etter me fekk rutebillag. Føtene tek til å veikna og visna på nokon kvar, og det gjer gjerne ikkje stort, for no må alt trilla på hjul.

Den einaste og tyktjer synd i, er båten. Han kjem trufast kvar veka, fnyser og bles so illhuvleg gjenom nasiborene at det umjar i fjelli, stikk trynet godslegt og svart attåt bryggja, men ingen vil fylgja han korso. Veit nokon um han hev vit nok til å slutta sjølv? -

Det siste nye i bygdarandletet er „Ljosheim" - det nye ungdomshuset. Heilt frå ungdomslaget var skipa, - for snart 15 år sidan - hev huset vore tala um. Det var so sjølvsagt at ungdomen vilde ha seg sin eigen samlingsstad. Det hev lagt som ein ljos draum i tankane våre. Og no er draumen vorte røyndom. Skuld held me fest for og i vårt eige hus.

Det hev vore eit stort og tungt lyft å nå so langt. Men vil unge og eldre stå saman, skal det letna litt etter kvart.

„Ljosheim"! Kjenner du kor vakkert namnet me hev gjeve heimen vår?

Og ser det at huset og staden ber namnet med rette? Det er verkeleg ei pryd i bygdeandlitet.

So stend berre att, at me – ungdomen sjölv – ikkje skjemmer namnet med vanstell og låk framferd.

Det er mitt ynskje at „Gosheim" må verta ein lysande fakkel i bygdi. Ein fakkel som kveikjer gleda og livshug i oss alle.

O. B.

Gneisteregn

1.

Hiv umkring deg raude brandar,
gneistespruten høgt må stå.
Bål dei tendrar der dei landar,
lysande i myrke krå.
Folket vaknar, bannar, skrike,
at du er den vonde like,
som vil øyda gamle merke,
dvalefred og dogmer sterke.

2.

Hei! I bålet syd og oser
råved tung med bork og bar.
Ter som heifaste han fraser
vert han kurr og lett og hard,
nåer elden raud og heit
slengjer gneistar fyrr du veit
vidt utyver. Snart det skrider

fram til betre kår og tider.

3.

Råted er her nok i landet,
gneistregnet fell for veikt
Og forbanna verk det grandet
som far viljebålet kveikt.
Skodda legg um snökrynt tind.
Kom med varme, sol og vind,
som kan reinska himlen gruggen,
tendra bål i nordmannshugen.

4.

Midt i striden kan du falla,
slokna som ein utbrand brand,
miskjend, dömd, til uro kalla
for å vekkja folk og land.
Men umkring ved dag og kveld
brenn ein heilag altareld,
fengjer vidt, det knest og knakar,
jagar burt dei vonde drakar.

5.

Hann er mann, og stend for hoggi,
styrd av högre råd og makt.
Arbeid, det er himmeldoggi
for eit liv på vardevakt.
Eingong hyller dei deg god,
du som var ei banna gilod.
Det er hovdingen sin lagnad:
Yver gravi fell hans fagnad.

J. N. B.

Korleis kan du få tynt laget ditt?

Eit amerikansk blad gjev desse råd og vink til blid og roleg avliving av eit lag.

1. Gå aldri på samkomone i laget.
2. Og gjeng du, syt so for at du alltid kjem for seint.
3. Er veret vått, so tenk ikkje på å gå ingong.
4. Skulde det likevel vera so at du ikkje hadde anna å taka deg til, so freista finna so mange feil som det er råd hjå styret, hjå formannen, hjå alle som er der.
5. Tak aldri mot val til nokon tillitspost, for det er lettare å kritisera enn sjølv å gjera noko.
6. Kjenn deg tilsidesett, når du ikkje vert vald. Vert du likevel vald, so gå aldri på møti i utvalet.
7. Teg under ordskiftet. Men etterpå må du tala högt og brautande og brautande um korleis saki skulde vore ordna.
8. Gjer aldri noko til bate for laget. Og er det nokon som du ser gjer det, so døm det som ærusykja og toskeskap.
9. Betal aldri lagspengane.
10. Vert du kravd, so meld deg ut.
11. Gjer aldri noko for å få nye lagslemer, for det er styret si sak, og ikkje di.

12. Skal det gjerast ut eller anna, ein fest, ein marknad, so rop ut at det er meiningslaust å ofra pengar på slikt.
13. Veit det kor som er fest, so skriv deg ikkje fyrr det er for seint.
14. Og gjer etterpå bråk yver at du ikkje kunde koma med.
15. Skrik alltid upp um at noko må gjerast, men gjer aldri nokon ting sjølv!

Småplukk

Ser me på tilhövi i dag og dei problem som er uppe i tidi, so er dei mange og vanskelige. Her vert samansett so mangslags komiteear for å greida ut dei ymse ting. Dei snakkar og skriv fram og tilbakars - med løn i frå staten - og dermed vert det.

Det er difor hugnad å sjå at det ikkje hev gått soleis til her i Lysefjorden når det galdt å byggja hus åt ungdomen. Og trur me alle må vera samde um at det er samhald og sams mål, (at me vil ha oss eit hus), som gjer at huset stend ferdigt no. Dersom dei arbeidde på same måten dei som styrer land og rike, so vilde me snart koma burt ifrå klassekampen og serinteressor, og til ein basis som gagnar Noreg. Den fyrste vilkåret for at so kan skje, er at kvar einskild gjer sitt

Kven må då taka til, og kvifor då ikkje her i Lysefjorden? Eg vil då beda dei som skal byggja og styra med det nye ungd. hūset, at dei styrer det på ein basis som gagnar laget, krinsen og mest ūngdomen. – For ser me på den stoda ūngdomen er i idag, so er framtidsutsiktene nokso myrke for dei fleste, for ikkje å segja heilt stengde.

Det må difor vera sårt for far og mor med vaksne, gilde born, med arbeidshūg, og som ikkje veit kvar dei skal taka seg til, og dermed vert øydelagde på likam og sjel. Alle hev dei rett på livsens goder, men kan det ikkje få.

Den norske jord hev ein stor del av norsk ūngdom gått i frå. Nokon reiste inn til byane, andre til Amerika. Kvifor? Jaū, fordi at me so altfor mykje lærer i skūlane våre at det finare å vera ein eller annan slags handverkar i byen, eller vera lærar, lensmann, prest, o.s.v., enn det er å arbeida med jordi i si eigi heimbygd. Difor høyrer me so ofte det vert sagt at han er berre ein arbeidar, men sjå kor hans dū! Han er lærar, prest, lensmann: Det er noko til karar dū, og for dei tek alle hatten av.

For det fyrste meiner eg at me må komma til den forståing at me er like mykje til gagn for samfūndet anten me er gardbrukar, fiskar, arbeidar av ymse slag, som dei som er lærarar, prestar, lensmenn o.s.b. For det er absolut dei som dyrkar jordi som gagnar landet mest og som me for ettertidi burde taka hatten av for. - Dinast burde ungdomen på landsbygdene få høve til meir fri utfolding enn dei no hev. Dei hev me myklje å læra av byane.

Me må la vera å gå med range auge på ungdomen når han vil ha moro, anten det no er dans eller kva det no kan vera. For me unge hev trong etter moro, og eg vil difor vona at det nye huset vil verta ein kjær møtestad for unge og eldre til leik og gaman på sømeleg vis, då fell ikkje stundi lang.

J. Horsvik

Småplukk

Ikkje so dyrt heller.

Dei sit ved kaffibor-det. Han smakar på ein kakebite: Nei dette var då ei serleg god kake. Men ho er vel for dyr til å ha so til kvardags?

Ho: „Ja nei, slett ikkje! At ho er vorti so god denne gongen, det er berre av vanvare og slumpelukka"

Styggeleg gamal.

Ei litti gjenta fylgjer far sin på vitjing til ei gamal kona som ligg til sengs. Vesle gjenta sit og ser og ser på kona. So kjem det: „Du er vel fælt gamal, du?" „Ja badn, eg er gamal, eg er styggeleg gamal."

„Kor gamal er du då?" „Nei badn, det hugsar eg ikkje."

Men vesle gjenta gjev seg ikkje med dette, men ho vil freista spyrja på ein annan måte, so kan ho rekna det ut sjølv.

„Kva årstal er du fødd i?"

„Nei badn," dei var kje tekne til med årstal då eg vart fødd."

Smaken er so ymse.

Ja, du veit at eg alltid hev havt ein viss skrekk for hestar. So var det ein gong eg skulde ut i Gygarden og vitja ei venninna. „Ja, du kan vera rådt trygg for hestar," sa ho. „Det finst ikkje ein einaste på heile øyi."

So var det ein morgon me sat og åt frukost. Då ser eg noko kvite i himmelsynet, og vert stjande og stira. „Kva er det du glor etter?" spør venninna mi. „Å! ein hest! Er det ikkje ein hest?" „Jau, rett nok. Det var ein liten vegastump på øyi, og den skulde grusast. I det høvet hadde dei fenge lånt tvo hestar. Og etter hestane gikk eit heilt fylgje av små og store born.

Dei fekk bytast ūm å sitja uppå, og dei andre gjekk tagale og högtidsame etter. Slik gjekk dei dagen til endes. – Ein morgon hadde dotteri i hūset, ei gjenta i konfirmasjonsalderen, teke på seg ein sers ven kjole. „Skal dū i gjestebod i dag?" spūrde eg. „Nei, men eg skal fylgja hesten."

Frå hamnen.

Trass i dårlege tider for skipsfarten hev ingen av A/S Lysefjordens rederi sine båtar lege i upplag i sūmar.

Det flytande hotel „Georg" hev havt fūllt belegg heile sesongen, og vist både i aust og i vest.

Slepebåten „Ola B" har gjenge i rūta Fana, Bergen, Os, Sjöböbakken, Buena, Sövikavågen ca. 6 mndr.

Motorkutter „Jon" har vore på slip den siste vika på grūnn av slitasje i maskineriet.

Den nyaste og best ūtstyrde båten i rederiet, lastebåten „Hans K" hev gjenge utan stans med högste fart den siste tid. Lasti hev vore stein, trelast, jarnvaror, elektriske apparat, papp, tyvaror, kol, koks, ved, og proviant.

Proviantbåten „Siggen" måtte ta den gamle båten „Ola" til hjelp i brödfarten dei tvo siste dagar.

Sūndag 3. desember vart det

eksplosjon i torpedobåten „Nikolai I“.
Ingen kom til skade.

Tidene forandrar seg.

Når dei gamle, slike på 60-70, ser kva ūngdomen no for tidi tek seg til, ristar dei på hovūdet og korsar seg. Tenkja seg til, byggja eige hūs! Og det berre til å moroa seg i! Det har no vore gale før og med ūtegong kvar einaste helg, møte her og møte der til langt på natt. Og kor skal det kje då verta no! Dei skal vel laga til ei helg midt i vika og no!

Nei, dei laūt no vera ūngdomar før og, dei fekk ikkje fara so. Og dersom me ūnge spør kva i all verde det tok seg til før, så får me alltid det svaret at dei laūt fyrst og fremst passa på arbeidet sitt. Ja, men det var då like mange helgar før ogso, kva gjorde dei då på? For dei og rak etter vegane? Nei, det gjorde dei aldri. Folk fekk no nattafred for det ja. Dei heldt seg inne gjentone sat med med sitt eige arbeid, og gūtane, ja dei hadde vel tiltkvast på handi dei og laūrdagskveldane, og sūndags-kveldane gjekk dei tidleg til ro, dei skūlde vera ūtkvilde til måndagen. Dette tykkjer me er meir enn merkeleg, og sant å segja, so er det kje meir enn

som nett det er da råd å tru det. Og spör me kva tid üngdomen råkast, so får me det svar at det var på kyrkjevegen. Det var å gå til kyrkje dit kvar einaste sündag, det er anna enn no, når det er dei som ikkje er til kyrkje frå konfirmasjonen og til dei gifter seg. Men når me tenker litt nærmare på det, finn me det lyje rart üngdomen gjekk til. Og kvar preikesündag likevel når det var på den måten.

Men det var tvo gonger for årt at üngdomen kom saman. Og det var jol og jonsok. Då slo dei seg rettleg laus. I jolhelgane heldt dei seg i ei stor stova og dansa, og jonsok var det no helst på bryggja. Tenk berre tvo gonger for årt! Og me som høyrer denne tidi til, undrar oss storleg. Det er då bra det ikkje er i vår tid! Men me tenkjer vårt: Kven veit um ikkje dei som vilde finnast, fanst då og, like lett? Der fanst då både tunvegar og snarvegar i gamal tid og, og månskinet var vel like forlokkande då som no. Og me kan ikkje få til å tru noko anna enn at üngdomen er like seg sjølv til alle tider. So me tek det trud so um me av og til får høyra det sair for øyro: Sei, üngdomen no for tidi!
Og eg er sikker på at mange av dei eldre som sit her i kveld inst inne

gjev oss rett. Kanskje er det ogso grunnen til at so mange av dei eldre har vore med og hjelpt til so mykje som dei hev gjort – ikkje berre med arbeid og pengar, men mest meddi dei hev late oss unge som står midt i kavet no, fått so mykje fri. Mange kveldar i vika hev gjenge, med lagsmöte, med komitemöte, med song- og musikkmöte, med leikövning og mykje meir. Dei her gått tolugt på det og det vil me i kveld segja dykk takk for. – No er me ogso komne so langt at me har fått eige hus. Det heiter „Ljosheim", og eg trur det er högste ynskjet både hjå oss som er unge, og kanskje like mykje hjå dei eldre som har fylgt oss i arbeidet, at det me hev gjort, må verta til signing for bygdi vår. Og at det me kjem til å ha fyre oss, på lagsmöti, på festane, og elles kvar som er fyre, må verta til gagn og hjelpa oss fram på den vegen som ber upp og fram.

Lat det vera vårt ynskje i kveld!

Borghild Sövik,
bladskrivar.

„Ljosglimt."

No. 12	17. desember.	1933.

Attersyn.

Spanning, nervösitet, angst og uro, store vonir og små, mykje kav og ståk har legi i lufti lengi. Alt stila liksom fram til den store festen. Og dagen kom, endeleg! Veret var no so -- det kunde vore betre, men so var det no heller ikkje verre enn at det gjekk an. Solskin og kleggjahit kan ein vel neppe venta på denne årsens tid; verst var det med föret. Bråne var ingi sjeldsynt vara til högtid.

Og no er det altso yver. Denne vika her folk havt tid til å tenkja yver korleis det var i det heile. Alle var samde um at det var gildt på alle måtar. Der var ljost og triveleg, og nok både av likamleg og åndeleg föda. Det var slik at folk kjende seg vel, og vil minnast stundi som noko godt og hyggjeleg, som aldri skal glöymast.

Lat oss ta kvar ting for seg. Me kan byrja med hornmusikken. Det var verkeleg kome ein annan låt yver han, kva det no var som gjorde det. Anten måtte det vera huset eller dirigenten eller båe deler. Og dessi hine musikantarane våre var no Storarta – som dei alltid plea vera. – Songkoret er no vel berre som eit småbarn å rekna, men gjorde likevel sine saker godt, etter som kritikken segjer. Måtte det berre ha teki og kvardagane fyre seg! Og kva hev me kje å takka vår vert og kjömeister hr. Fusland for då, for alt det gode han bar fram!

Og so kom no talone då som kunna spå verket. Måtte berre alle visdomsord ha vorte so godt innprenta at dei aldri vart gløymde! Og gjev at alle gode ynske måtte gå i uppfylling! Kjem det kjem ut til gjevande og fest an på oss sjølve, um det vert slik. – Det har vore sagt av so mange at ein fest utan aldri so lite drikka, kan ikkje vera nokor moro. Men no synte det seg denne gongen at det kan so godt lata seg gjera. Og det er no vel ein solklår ting det at ein må njota ein fest mykje betre med alle sansar i orden og hovudet klårt. Dei tvo-tri fulle personar som var til stades, var heldigvis folk utanfrå bygdi, men berre dei tvo var likevel nok til å laga ståk og uhyggi. – For ikkje å snakka um alle flekkane på borddukane Kor vilde det set ut um alle hadde bore seg likmande åt tru?

Og so kom no skodespelet til slutt. Um det ikkje nett fall i alles sin smak, so er det ikkje slikt ein skal ta so tungt.

Spelarane er alle samde ūm var ypperlige. Ja-enkelte so bra at dei med glans kūnde gått inn på den nasjonale – nett kva dag som helst.

Lukarringen stakkar gjorde no ikkje so svær sprett, men so vart no heller ikkje glansnummeret „Sukkarviso" framsynt. Å döma etter alle gamlingar som sat att til langt på morgonsaren, måtte det visst vera uppbyggilegt alt saman. Ein lyt segja dit var noko for ein kvar smak, og dei som enno ikkje var nögde, fekk sleppa til til slutt. Bonus og lensmannen var nemleg so snilde at dei til slutt gav löyer på ein heil halvtime i rūnddans. På denne måten fekk alle sleppa til, so dei som hev noko å segja lidå, kan jamenn få laga seg fest sjölv.

Jó.

Vårt store ynske er gått i uppfylling. Me hev fått ūngdomshūs. Festen med all si gleda er yver. Me kan sjå attende på året som hev gjenge med gleda, trass i alle baskelak. Men snart kjem dit eit nytt år. Lat oss i kveld sidan det er siste mötet i dette året, gjera oss ūpp ei meining ūm korleis me vil ha dit i dit nye året. – Me er alle som sit her klår yver at dit vert ikkje berre leik og dans og moro for dit ūm me hev fengo hūs ūpp. Dit lyt ogso arbeid til skal

me greia oss. Rådi er diverre skral hjå de
fleste av oss, men ein ting kan
likevel alle gjera for laget, og det er å
vera viljug å ta på seg det arbeid
som trengst. Lat det verta slutt med
slike svar når nokon vert valde til
eitt eller anna, at eg vert ikkje heime,
nei, eg kan ikkje eller eg vil ikkje.
Nu lat oss vera samde um å gjera
det vesle me kan alle, so vert det
ogso so mykje lettare for han som
formann skal vera. Då er det ikkje
tvil um at me skal greia å sitja med
huset, og samstundes skal me sjølv
veksa og verta betre ved arbeidet.
Her er nok av gode krefter. Lat det verta
sant som det stod i den vene songen
Hesland dikta til vigslefesten um
„Ljosheim": Hitt ungdomsmod kvo
vera skal "frå sverm og vidvanke"
Lat dette vera vårt motto i det nye
år!

Til slutt takk til formannen
og til styre for godt samarbeid i
året som gjekk!

Borghild Søvik,
bladskrivar.

„Ljosglimt"

Nr. 1	13. januar	1934.

Joleord.

„Verdi vanta kjærleik", er det sagt um stoda millom menneski på Kristi tid. Det var i sanning natt. Jordi var so isande kald. Ingen stige førde frå jord til himmel. Og når kjærleiken vanta, vanta ogso alt anna som gjev livet verd: Freden, gleda, voni.

Men verdi venta. Som gjætarane ute på Betlehemsmarki heldt nattevakt yver buskapen sin, soleis vakta og venta verdi på at noko skulde henda, noko som kunde løysa hjelpelause menneskje utav hjartenaud og angest. Det var ein frelsar tidi trong. Då var det som um himmelen vart for trong for vår kjærlege Gud, – og underet yver alle under hende: Han kom sjølv til oss – og vart den frelsar du og eg måtte ha, skulde me kjenna sæla i barmen og ha æveveoni lysande yver vårt liv!

Ei segn fortel um ein fjellsjø som var slik at vatnet nede ved botnen vart sett i rørsla og tok til å bylgja når ein stein vart kasta i djupet. – Vår sjel er ein slik sjø. Det er so mykje som sov på botnen i henne. Der er ynske som aldri vart uppfyllte; - der er voner som aldri vart anna enn voner; der er gleda som hev bleikna; - der er synder som er göymde. Og so - jolekveld. Då var det som alt det sovande med eitt vakna. Du var langt burte, - og so var det jolenatt. Der var ikkje noko joletre, ingen song, ingen gåvor ikkje jolebrev, - berre tanken på at det var jolenatt var nok. Stimen var komen til botnars, - og so steig det fram: Barndomstidi, ungdomstidi, heimen, alt stod der so klårt. -

Og so vart jolevangeliet den handi som lyfte deg upp og förde deg heimatt. Difor syng du av hjarta med: Ære vere Gud i det högste!

Höyr, det er den som er hjelpelaus han er komen for å hjelpa. Til kvar lengtande, ærleg sjel lyder ordi: „Ver ikkje redd.“ Og so du skal få uppleva den store gleda. - Du hev i tankane vore på vandring gjenom livet ditt; ei reis som ikkje var lett. Skyld og gjeld og synd og bröde, mange, mange tusen pund.“ Å kor usegjeleg godt det er å få leggja byrdi av hjå Jesus, - og kvila, kvila - som ein sliten, heimkomen ferdamann. Og i denne stilla hjå Frelsaren hentar me ny kraft, ny gleda, og kan gå ut i livet med jolefreden i hjarta og sinn. Då fyrst hev eit menneskje verkeleg kvasdugluk, for då er det i samband med Gud. –

Salmund Djuvik
(Or. „Norsk Jol." 1931)

Ved års-skiftet

So stend me enno ein gong ved årsskifte, og tankane sviv attende – og fram. For alle ligg det nær å halda uppgjerd, ikkje berre med pengepungen, men og med seg sjølv – og med Gud. Uvis er den som ikkje i millom stoggar og granskar sin veg.

So kjem dei smjugande spursmåli: Kor mykje vann du i året som gjekk? Kor mykje tapte du? Ikkje i pengevegen, – ikkje i menneskja sine augo, – men du sjølv som menneskje! I eit år av dette me kallar livet – denne augneblenk som hev attum seg og framfor seg ei æva. – –

Alle andre spursmål i den einskilde sitt liv veg heller lite når dei jamstellast med dette eine: Kva hev 1932 gjeve meg av slikt som hev varande verd? Det hev inkje med krisetid å gjera, det spursmålet, og det kan ikkje svarast på det med statistikk. Det kan berre svarast på det spursmålet der eit menneskje står framfyre han som bitar eller frukt." Kor mykje hev han funne i året som gjekk? Kor mykje skal han finna i det som no ligg framfyre oss? – Me tenkjer attende på 1933: – Voner brotna og vart til svidande sår? Kan henda det måtte til. – Voner vakna, voks og kom i verk? So var det truleg til bate. Gjenom alt og yver det alt styrer ei sterk hand. Utan umsyn til kva me tykkjer sött eller surt grip ho inn i vårt liv – tenkjande berre på dette eine: at vårt liv skal bera frukt.

(Or „Norsk Skuleblad 1934)

Borghild Sövik,
bladskrivar.

Ljosglimt.

Nr. 2. | 28 januar. | 1934.

Skogsus.

Det gjeng ein aldrande mann på vegen som svingar seg gjenom skogen. Han ber ei öks på herdi. Det er Arnulf Hovde som skal på timberhogst. Han er herdabreid og stor med sterke anletsdrag. Det er hans liv det å vera i skogen. Mest frå han var ein neve stor var det-det morsomaste han viste - å hansama öksi. Sin eigen skogteig hen han lengta etter heile livet sitt. Han var född av fatige foreldre - det einaste han ervde etter dei var den låge, fatige hyta med den vesle jordflekken ikring. Det hev våre hans draum å spara i hop so mykje at han kunde få kjöpt seg ein liten skog med gran og furu og so inni dene skogen - ei litti kvit ståva. So kunde han höyra „sus frå skogen" - sin skog. Og no er han nær målet - eit års kraftarbeide og so skal undere alt vera hendt. Han hev for lenge sidan funne „draum slotte." Og alle avtalor er gjerde mulom han og den no verande eigar. Men mykje for tidelegt er det heller ikkje. Dei beste åri er fare framum. Håret byrjar å verta gråsprengt - og ånletet hev vorte grufsut og

harleg. Men viljen kan ein sjå lyser ut frå dei blå stålkvase augo. Endeleg er han komen fram til arbeids plasen sin. Han set seg ned for å kvila ei stund – for det tek på å ganga so langt å fort for ein so tilårskomen mann. So sig han atter inn i draumeverdi si. Han vil taka livet med ro når han hev fengji alt i orden i det nye huset sitt. Då skal paradiset hans her på gjard fyrst taka til. Han hev ikkje havt nokor större gleda av livet för. Og so når han hev livt i herleghet og gleda ein liten års bolk so vil han leggja seg til å döy få kvila den evige kvila. Han reiser seg seint, tek öksi og gjeng med stöe stig til den nermaste blink. Det er ei kjempe av ei fura. So byrjar han å hogga med tunge jamne hogg på den velduge stamna. Flis for flis losnar og fell ut og skåri et og et seg inyver. Og so brått kjem det ein hög smell det sjagar og fell, medan det susar som vengjeslag frå ein overhendug stor fugl. Arnulf Hovde vil trö til sides; men foten vert hangande fast millom tvo steinar. Det er som skulde det vera ei veldug kjempe hand som trykjer han ned, med det same furutre fell yver han. men so kjener han ikkje noko meir. Berre munnen opnar seg og han mumlar: – Skog sus, susen frå skogen.

A. B.

Før i tidi då me var små og uskyldige, heldt me oss. i lengste laget. Det måtte vera mykje gale dersom me våga oss til å retta neven i veret og med skjelvande mål spurde um me skulde få låv å gå utum döri.

No då me er vortne vaksne er det onorleis. Særleg etter me fekk nyt hus. No er det rat ein straum inn og ut, ut og inn, ifrå möte byrjar og til det sluttar. Ingen spör um låv. Kanskje er det svingdörane som er so fortakane og nyfykne å pröva, eller so veit ikkje eg. Alt dei knistrar felt, fekk me alle höyra på årsmöte. Og det merkelege er at det er berre gutane som hev denne [illegible] ubekendige trong! Gjentone greiar fint å sitja stille dei i 2 timar, og ikkje hev eg höyrt at nokon hev havt mein av det. So kom eg på at det mott vera röykjeing gutane skulde driva på med soleis i kvar ~~time~~ halvtime, det kunde ikkje vera noko anna. Få so henfallne er dei! Men dersom det er so gale mede dei at dei må ha noko i munen so kvar halvtime, so vil eg fyreslå at dei tek med seg kvar si tåta med graut i som kan vera å ta til. Ho kan gjöymast i eit papir i bukselumma og vera ferdig til bruk t alle tider, so ein treng ikkje gå ut. Dei vilde i tilfelde ha gjort formanen ei stor tenesta, og eller andre som vil fylgja med på lagsmöti.

x

Anbod.

Til avhjelp for arbeidslöysa bed gjentone i. L. U. gutane i laget um å gjeva anbod på ca. 4 skjerebret med hol i smalaste enden, og so eit grytelokk med hantak på miten pasande til kåparkjelen. Anbodi vert sendt til kjöken skjefen inan 8 dagar frå dagsdato.

Jon Söviknes.
Bladskrivar

„Ljosglimt"

Nr. 3. | 10 februar. | 1934.

Dei truverduge bondegutane.

Nei god dag! Eg meiner du er ute og gjeng i godveret. Ja du får vera velkomen. Hev tenkt å laga ein god kaffikopp åt deg, når du no kjem att. Du skal få både ein og tvo, for eg skynar du er glad i kaffi. Men eg vil ikkje vitja deg, minder du hev te eller sukkerbade, for kaffi elskar ikkje eg det du vil hava det til, heller ikkje er eg noko gamall kjerring. Du segjer me skal snakkast oftare. Hm – du ~~vil~~ vil no vel ikkje fria til meg. Det kjem no an på um eg tek deg for god fisk. Jau, du er ikkje so fysen å frenta. Du kunde godt vore kontorist for det. Eller kanskje du er ein slusk. Mang ein bondegut som arbeidar på anleggi, då er altso dei og sluskar. Eg tinkjer bondeguten og anleggsarbeidaren er same sorten eg. Det skulde eg fortelja mange døme på, men det får vera til ein annan gong.
So var det um nattekangelen eg skulde ha sagt nokre ord. Når det berre fyreheldt seg soleis som min godeste Ar–Ne– vil hava det til ja da vil 'kje eg hava noko i mot det heller, men so er det visst ikkje. Eg trur ikkje gutane fer so fint fram, at dei set seg ned for sengi åt gjenta å snakkar. – Åa nei, me gjentor veit betre en so. Gutane må so vel ganga ute og fjosa vetterkveldane, når dei ikkje vil gå å leggja seg i eigi seng. Eg trur ikkje

gjentone bed dykk gå üte og frjosa. Dü segjer at eg ikkje hev godhüg for sognegütane. Jaü, for meg er dei meir enn god nok, men dei hev no altid tykt vore betre enn andre. Eg hev og nokre ord til han Karl som talar so mykje üm „vipurova" at gjentone. Trü, üm han sjøl veit kvä han sei. Eg må segja eg hev ikkje greida på det. Er det flettone og håret han meinar, so lyt eg segja: Kven er då fagnare enn gütane, når gjentone ber store flettor nedetter ryggen.

Ganga å gjera seg smeikjen
og fria tidt og trot,
freista dei arme vakjor
til både stort og smått,
lata dei sidan fara
og ha dei til glis og låt,
det hev eg höyrt so ymse
skal vera karmans hått.

R.

Et Diskusjonsemne.

Lubne eller slanke damer!

De slanke magre, er ei fogre
de blånde piker da i sær.
De nette tykke gjør større lykke
om det visst alle enig er. —
Den staute kjekke med herretekke,
altid smilende og blid.
Den friske runde, med kinner runne
og med smilehuller i.

Den der kan vinne en sån en kvinne,
han kan sandlig vare glad, men
desvarre de er for ferre, for alle herr
vil jo helst dem ha. —

Jeg vilde bare, hvis nogen kunde
svare, spørre um kanske jeg
ikke har rett. — I all verdens rike
hvem kan like damer der
ligner et strykebrett.

Kampo.

Hildur Salbuvik
Bladskrivar

Ljosglimt.

1934 17 mars Nr. 4.

Skipper Tobiassen.

Det er ein gamal sjøulk om eg so skal kalla han, som fortel meg denne soga. Det var den gongen eg reiste som tømmermann ombord på bark „Magni". Me reiste på Austersjøen i dei dagar. Det var då me hadde skipper Tobiassen ombord, eller Tubben som me kalla han, so til kvardags da. Tubben var temmeleg si til å drikka, særleg då me låg i hamn. Då brukte han å be andre skipparar umbord til seg, og då vart han beden umbord att til dem. I den tidi hende det at det kunde liggja upp til ein 8-10 norske båtar ved ein lasteplass i Austersjøen, og då gjekk gamle Tubben altid på ein surr. Han var dessutan ikkje godt lika umbord heller, brutal og rå som han var mange gonger, og endå ingen av oss var fråhaldsfolk den gongen, tykte me det gjekk for vidt med fylla hans Men so hende det brått noko ein dag som forandra gamle Tubbens svirefulle liv. Me låg ein haust uppi Hernösund og lasta planke. Der låg ein tre fire andr

norske båtar og venta laste plass; medan me venta på bör. Gamle Tubben heldt det gåande kvar einaste natt saman med nokre andre norske skuteskipara, og det var dei finaste orda i språket som kom yver lippone hans når han skulde gjeva oss ordre, og alt fann han noko og hikka på. So var det ein kveld eg og båtsmannen fann på å gjera han eit puss. Me hadde ikkje tankane da kvaslags ende det skulde taka. No skal de höyra: „Det var ein laurdagskveld. Tubben var rodd yver til ein annan norsk båt, og det var ikkje å tvila kva dei hadde havt og kosa seg med var det likt til. Eg og båtsmannen hadde funne oss ei lunn flagline, rodde burt og sette henne fast under kjölen på dekksbåten til Tubben, tredde henne so igjenom öieskruva, so me fekk skruva inn gjenom eine sida på skuta som Tubben var umbord i. Me sette skruva i andre vassgangen, so det var ingen ting å sjå, so rodde me yver til oss igjen, og fekk lina under „Magnus" kjöl, so me kunde stå på andre sida og dra i lina, so var fante stykke i orden, so no var det berre å venta på at gubben skulde koma. Ut på natti det kunde vel vara so ved 2 tidi, höyrde me bröling fra av karane og det var ikkje vont å höira at dei var kraftig stöva. Med mykje bal kom Tubben seg i båt og tok til og ro. Han song ei sjöfull sjömannsvise medan han rodde yver, og da båten la til „Magnus" side reiste han seg og skulde til og krabla seg umbord. Då var vår time komen. Me tok til å draga i lina og båten gjekk attende same vegen. Tubben vart ståande heilt klumsa av undring. So tok han til å kjika uti sjöen, men på grunn av myrket såg han ingenting. Då sette han seg til å ro att, og murra med seg sjölv eit eller anna. Då båten stotte mot „Spagnis" sida, reiste han seg snögt og greip etter leideren, men me var snöggare, og det var ikkje mykje igjen at han ikkje hadde gått på hovudet i sjöen. Nö vart han rasande att og med nokre eldingar som ikje kan gjenggjevast, greip han årene for å stansa farten, men det hjelpte ikkje, me halte i lina og båten sandra attende til noboskuta. Nö tok han enda eingong og saumfór skuta grundigt, men ör som han var etter kalaset, fann han ingting. Resolutt sette han seg til å ro att. Denne gongen so sjöen fossa for baugen, for han var sterk gamle Tubben. Denne gongen lagde han årane inn för båten var framme, og stillte seg fram i båten, for å gripa seg fast med det same båten stötte. Me bremsa forsiktig og atter byrja det å gå andre vegen att. Då hende det utrulege. Han vart mest edru. Han sette seg ned på tofta, med andlete i hendene, og det höyrdest ut for oss, at han hulka og ~~bad~~. Det var ikkje fritt att eg og båtsmannen vart litt stökte, då me såg kva uventa vending det hadde teke og me vart samde om å slutta op med beiten. Me kasta lini yver bord, og göymde oss godt. Um eit ~~kv~~ kvarterstid, hadde Tübben gått igjenom si sjelenaud. Han sette seg sakte til ro att, og denne gongen gjekk dett som ingenting var i vegen med båten. Tobiassen entra umbord belagde båten og gjekk til köis med eingong.

Då alt var vorte stillt umbord, rodde me yver og henta lina, og ikkje ei levande sjel fekk greia frå samanhengen. Då me mötte Tübben neste dag, var det ikkje fritt for me var litt redd av oss, men det svant snart, for det fyrste han gjorde då han kom på dekk, var å samla heile mannskapet til seg, og heldt ei tordentale om denne syndens last og styggedom, brennevin. Utan han nemnde nokro om ~~na~~ natti sine hendingar. Alle stod som dei skulde vore dotte ned frå månen av undring. Dette var ikkje litt Tübben. Sume trudde det var ein grov-spok frå hans sida; men snart fekk me sjå det var ålvor, for det neste han tok seg til var at han fekk ein kar av mannskapet med seg til å hjelpa å lempa heile sin vinbeholdning yver bord. Ja slik kunde det gå. Sidan denne tid, var Tübben ikkje til å kjenna att. Han vart ein fråhaldsmann, og attpå ein hedersmann, som alle gjä skuta såg op til. Han tolte nevsagt ikkje at nokon av mannskapet nyt svineriet som han heretter kallar drikkafor. Umbord i bark „Magni" som før hadde vore eit Sodomma og Gomorra vart no som ein fredeleg heim, der bra sjøgutar synest det var godt å vera. Eg og båtsmannen hadde mykje moro oss imellom kan du veta, men då me såg den store skilnaden både frå ~~Tu~~ Tubben og skuta, gav me det løfte til kvarandre at me aldri meir vilde smake svineriet me heller, og det hev me heller ikkje gjort for no hev ~~eg~~ vore fråhaldsmann i yver 30 år! Her sluttar gamlingen å fortelja, og det var komen alvor i det værbarka andlete hans. Eg takka for soga og rusla på vegen att. Det var ikkje fritt eg hadde fått noko og tenkja på.

(T. S.) ved
S. W.

Nedenom og hjem

Hele bjerg av skummott hav,
stiger og synker i natten, frådende hav,
Det uler og hviner i sydende krav.
Det må to til for å holde om ratten,
Da lyder ett rop: „Luffe da gutter - luffe for fan!
Hører dere ikke det går ikke an,
dere setter jo skuta død på land.

II

Men de to er blindet av storm og mørke
det sviver og sviver - alt som i ring.
De står der stivnet på post i ørske,
og ser og hører ingen ting
Da skriker det igjen: „Brennvarg forut!
Vi er fortapt - mann overbord!
Messegutten gråter stakkar.
Han vil hjem til ho mor.

III

Kapteinen er bleke; ha mannter er børn
en annen synger en sang.
Da støter skuta, ett splintrende drønn.
Det er forbi alt med en gang.
Men i døden skriker det atter:
„Han er mann den pokkers kar."
Farvel kjær mor, farvel kjære far
vi rakk ikke frem,
og nu går vi alle nedenom og hjem.

Teke av Skip o hoi

E. L.

Nedenom og hjem

Hele bjerg av skummett hav,
stiger og synker i natten.
Det uler og hviner i sydende hav.
Det må to til for å holde om rattet,
Da lyder ett rop: „Luffe da jenter - luffe for fan!
Hører dere ikke det går ikke an,
dere setter jo skuta dön på land.

II

Men de to er blindet av storm og mörke
det svirer og svirer - alt som i ring.
De står der stivnet på post i örske,
og ser og hører ingen ting
Da skriker det igjen: „Brenning forutt!
Vi er fortapt - mann overbord!
Messegutten gråter stakkar,
Han vil hjem til ho mor.

III

Kapteinen er blek; ha minnes er börn
en annen synger en sang.
Da støter skuta, ett splintrende drönn.
Det er forbi alt med en gang.
Men i döden skriker det atter:
„Han er mann den pokkers ten."
Farvel kjær mor, farvel kjære far
vi rakke ikke frem,
og nu går vi alle nedenom og hjem.

Tekst av Skip o hoi

E. S.

Litt av kvart.

Arbeids uvillig.

Det stod ein dag to karar på vegen og tala saman. „Du Pål har du höyrt om denne ungdomshjelpi som skal skaffa alle unge i arbeid?" „Ja, Per me kan vera glad me som er komen yver aldersgrensa.

Lathans.

Godt politi.

Byfrua: „De får verkeleg orsaka. Eg meldte i går at mi handtaska var stoli; men det var feil. Eg fann henne heime i komodeskuffa.
Politiet: „Det er forseint Fru Mo, me hev" alt arrestert tjuven.

Detektiv.

Misforstått

Ein sjömann satt eingong på ein bar. Da tok eit glass öl og röykte pipa, spytta gjorde han i eit vek so det um liti stund vart mest ein heil dam rundt han. Kellnaren kom med ein spyttebakk og sette fram for stolen hans; men sjömannen snudde seg til andre sida og spytte. Kellnaren flutte spyttebakken dit. Men då

vart sjømannen sinna og skreik
høgt: Tek du ikkje den tallerken burt,
so sputtar eg rett upp i han.

Seilar.

~~Blad~~

Her er arbeidsløysa i Lysefjorden seigjer du; men her er ikkje det. Sjå på dei eldre, dei hev arbei yver hovudet, ja meir enn hovudet kann gjera. Kvifor kunde ikkje me ~~til~~ ungdomar tilby dei vår hjelp. me kunde byrja i det små og arbeida oss upp som dei hev gjort. Me kan til dømes tilby oss å ta kveldsvaktene deira. Det er so liketil som berre det. Det er berre å sitja roleg heile kveldane og gjøva på å sjå snild ut so du ikkje skremmer nokon vekk. Og vi råda alle som har arbeidslug å søkja på plassen, for husk på det at det er ikkje so lett å koma inn i ein innarbeidet forretning no for tidi. Men om nokon får den plassen må han hugsa på at det er på fruktene treet skal kjennast, so deim må gjera sin flid og ikkje verta korkje for klok eller dum.

R.

Bladskrivar
J. Rindadal.

„Ljosglimt"

Nr 5. | 28 April | 1934

Livsgjerning.

Det sat tvo skyttarar innpå Vaktberget. Den eine var fra bygdi fram i dalen, den andre var ein framand ein. Dei hadde teke rjuporne or sekkane, vilde turka dei so blodet stivna, fyrr dei tok landevegen fram Heimdalen til jakthytta.

Det var ein solklår og blank septemberkveld. Vinden gjuska i fjell-graset og burtetter kreklingrabbane veifta so smått i kjørrlauet, synte det fram åt dei, gul-raudt og kvit-grønt. Dei tri elvane surla og song Nattdøla, Jammerdøla og Heimdøla, same lata alle tri, ein malmen underleg tone: sorgtung eller lengtug, manande eller skramande. Ein fekk ta han som ein var i stemning til. Dei tvo hadde tagt, tagt so lenge at no var det solarglad og dun kveld i fjellet, berre sus umkring, fjell-elvesus og kjørr-vind. Langt aust i fjellet kom skodda sigande

Den framande retta seg med eit rykk, saug inn luft og sputta: — Tvi! sa han — heldt eg ikkje på og sovna!

Den andre vakna til og no: — Ja, ja, sa han. Det hev so mang ein gjort her inne, somna burt og aldri vakna meir; um ikkje nett her me sit, so burt i desse dalane her, Nattdalen og Jammerdalen. Sjøfarande folk fór her mykje i gamal tid. Dei laut, endå det var ei vegfårleg leid

Kom skodda og uveret på, so tok dei ofte i mist av vegen. Då hadde dei berre fossmalet å gå etter. Og der ned på myrane, gjekk dei vel og tvika, trakka att og fram og gran heldt anden og grandlydde. Ja, for Steindøla skulde ha som ein mjuk song i susen sin; fann dei den tonen, so var det ei von um berging. Men mange fann han diverre ikkje. Dei tok inn i Nattdalen eller Jammerdalen. Og Gud vere dei nådig som tok der inn. Dei kom seg aldri heim meir. Dei fann framar etter slik hesterestar og handelsvaror, nakne beingrå hovudskallar etter menneske, som dyr hadde dragsa og slikt. — Men so kom det ein og bygde her, rett her på desse steinane bygde han hytta si. Ho er her ikkje meir no, ser me. Kanskje so går mannen her og luslar. Me veit ikkje stort um slikt.

Han tagde att i. Kanskje so trega han ordi sine. Kanskje so kjende han ein sviv av falske ved dei

Ha! sa kameraten og prøvde ein liten kaldlått. — Fortel um mannen, då vel!

Um den mannen veit eg ikkje so mykje heldt hin fram. Eg veit i røyndi meir um dei som vilde vita noko um han. Mannen som sat her, var ein løyndom, tykte dei, som livde då han livde. Kvar han var komen i frå, visste dei ikkje, korkje austan i fjellet eller vestan i fjellet. Han var stutt i ordi. Og alt han sa var meiningslaust eller tungt av dubbelmeining, fann dei ut. Eit par gonger i året var han fram i bygdene og kjøpte litt korn. Men det å sjå eit menneske no og då, og so ikkje vita meir um det, det tykte dei var harmelegt. Dei smilte mot han, tok til og fortelja litt om seg sjølv, kva dei dreiv med, og kva grannen driv med. — Og um du? spurde dei til sist. — Eg og arbeidar, sa han. Meir sa han ikkje, kor dei enn frega og grov.

Dei spurde ut handelsfolk som for dalen igjenom: Visste dei noko ~~som~~ um karen som sat innpå Vaktberget? Dei tagde. Eller so sa dei at dei såg han ikkje, berre hytta og elden som brann. — Ja, for elden brann um nattene, høge, lysande bål for opne gluggar. Tjør-fylte brandar vart svinga att og fram utanfor dørgapet stundom. På taket veifta ein kvit dûk når det var berrmark. Ein svart vart hengd ut når snøen kom. Folk grûnnda, tala til einannan um tankane sine, — og grûnda att. Ein ting fann dei ut, ein rar ting tykte dei: Ingen fann han etter folk og dyr meir! Og ein dag hadde dei det: — Mannen på Vaktberget var ein kaldskjela heidning, ein mordar og ein tjuv. Han lokka åt seg folk, drap dei og rana til seg godset. Ja, for kva anna skulde han leva av inne i Allemarki? Og elden og vimplane, det var lokkemat. Dei styrkna i sugo. Tanken knytte seg i hanna vilje. At dei ikkje hadde set inn i skjelekråi hans fyrr? Men Gû skje takk no såg dei det.

Mannen skulde burt, bakbindast og førast til rettarstaden. Hytta hans fekk dei svida ned etterpå.

So sende dei avstad tvo-tri sterke kjempor. Dei var nett komne heim frå krigen, hadde set daude og blod og alt som falt fanst. Det her var som dei skulde leika med små born, sa dei.

Dei hadde reip våpen og eldstål med seg. Ta på han utan lov og rett det vilde dei ikkje, dei var menneske soleis. Men saga han på seg, vilde dei, syrva han våpni sine, mala med tummen framfyri spjotodden. – So langt inn i brystkjötet vilde dei pirka han. Då måtte vel gallsinnet losna i han, so han slo i bordet, eller reiv ut seg ord som lovi forbaud å nemna. Då fekk dei ta han, binda han og föra han ut på berget. Der vilde dei halda han, og pina han litevetta og truga med eld og öyding um han ikkje la svartemennesket klårt uppe i dagen. Det skulde verta hugnasamt å koma heim med han.

Det var kvelden alt, då dei nådde fram. Stilt gjekk dei til– til dei såg eldljosken gjenom gluggane. Då skreik dei ut, laga målet sitt til tröytte, skjerande naudrop. No fekk dei sjå kor han tok det. Og der kom eld-branden ut dörgapet svinga att og fram som ein kyndel i natti. – Merket! kviskra dei seg imillom. – Lokkematen! No treiv han nok öksi si, löynde seg bak döri og stod reiding til å kakka dei ned. Dei rykte fram med krigsrop og våpenståk, jaga mannen innatt i hytta og ring seg kringum han med dregne våpenstål.

Vil de öyda liv? spurde han med mjukt mål.

Ja! sa dei, gråvt og trugande – me vil öyda ditt liv, som du hev gjort med andre sine liv.

Då gjer de det motsette av det eg hev gjort

Våpni seig litt. Dei grunda: Det motsette, det var då å berga liv! Dei vilde til å la. – Han var so utkråpen ein håling. Men låtten fraus dei innatt i ålvor. Dor mannen stod å såg på dei, frå eine til hin. Dei hadde mött augo i folk fyrr, sa dei då dei kom heim vimme gjer dei med, fått dei til å venda dei ingen kaptmanns-augo skal venda. Men dinne skiring åt unsfödingen på Vaktberget, stod dei sig ikkje for. Modet deira kvarv, og meir skulde dit kvervd. Mannen smilte. Smil hadde dei og set litt av sa dei: Trillande glad kjatesmi sorgtung gråtesmil, kaldlått, beisk flir og vond skratt! Dette var eit anna slag. Den smilen mori mötte dei med, når dei var små og sjuk. Han nemde eit lite ord og: Born! sa han. – Stakkars born! Han sa ikkje meir. Og dei sa ingen ting, tok berre um våpni sine og gjekk.

So tagald hadde ingen fare Heimdalsmyrane fyrr, trudde dei. Det var månenatt med rima marker, hög, klår himmel. Istinklet låg som sylv-skimmer framelter fjellvatni. Vidd-vinde låg og kviskra i det. Då kjende me at mannen sa sant! sa dei. Og dit gjekk ikkje dei meir, for han er ein ærleg mann la dei til: Folk flirte. So reidde dei ut nye menn og sende dei avstad.

Uveret kom på dei inni dalen, tjukk myrkgrå skodda med regndrysj utor. Dei vima, trakka heile dagen og fann ikkje leid. Men ut mot kvelden såg dei loga lyste. Hytta! sa dei, og kjende som ei lite takk i seg. Dei sette seg ned og matslette seg. Og vakti og modet kom attende. – Dei vilde ringa seg um hytta, gå på han og binda han.

Då kom mannen ut. Han bar ein stor lysande brand i ei eldtong, stod litt og vifta med han. So tok han vegen inn dalen, mot svarte Jammerdalsfjelli. Dei såg han stanna inne ved dalkløyvde. Han svinga branden og ropa so det olla i bergi: Ferdamann, å hei! Dei fraus der dei låg. So stiltra nokre etter etter han. Men eit par var att og elda upp under hytta. Dei skulde svida mordarheimen hans ned, fyrr han kom att. Kameratane stana i kjörr og löyrde buskar, tok dei ikkje i mist, so höyrde dei naudrop inne i fjelli. Der songa mannen eldbranden att. Den vegville anka seg tett ved og dei i buskane dirra av spaning, kjende etter våpni og kviskra: Liv for liv!

Men mannen tok den naudfarne upp såg dei, ein utmasa skjukling med brotne bein. Han tala godt og varsamt til, studde han og halvt bar han. Kva han sa då han såg hytta brann, visste dei ikkje. Men han sette seg innåt varmen med skjuklingen, stellte vel med han og batt beinbråtet hans. Vakti låg i rusbuskane tett ved. Dei var modlause og lika seg ille.

Du hev berga livet mitt, kva skal löni di vera? spurde skjuklingen ein gong um natti.

Löni, svara einstödingen, henne hev eg alt fått. Ho ligg i sjölve livs-gjerningi. Og livsgjerningi mi er å stå vakt her, syna ferdafolk Heimdalen, og vara dei frå Nattdalen og Jammerdalen.

Då gjekk vakti. Dei skilde lag frampå myrane. Dei som lurte etter mannen, vilde ikkje halda lag med eld-oydarar. For me er skuldlause i gjerningi, sa dei....

Olga Nordström
bladskrivar

Potpouri

Potpouri er eit flott ord. Men det er ikkje heilt sikkert alle er klår yver kva ordet tyder. Songlaget skal no til med potp. yver norske folkemelodiar, d.v.s. det vert noko av kvart, og etter som eg har høyrt skal verknaden vera storarta. Me skal no freista laga ein liten potp. yver livet i Lysefjorden.

Med det same songlaget er uppe, kvar vart det av den store turen songlaget skulde ta i sumar? Alle såg fram til turen og gledde seg, men alle vart skuffa. Siste utvegen var so ein fest med dans, men heller ikkje det er vorte noko av-endå. Og når ikkje ein gong dansen kan lokka, so ser det ut ikkje som um at noko anna heller kan koma i sving.

Og kva vart det av friluftsmøtet ungdomslaget vedtok å halda fyre ferien? Er det styret eller er det nemndi som var vald - eller er det ungdomane i det heile som er skuld i at det ingenting vart av? Eller skal det skuldast på Vår-Herre at ikkje han laga bra nok ver? forbi det trur eg man. So er det forbi med sumaren, og for seint å tenkja på turar. No er det arbeidet innandørs i laget som står fyre. Lat det no ikkje verta berre med

gode fyremål og ikkje noko meir, for
det står skrive at vegen til ein viss
stad er brulagt med gode fyremål
Kunde det verta slik i det [illegible] nye året
at kvar og ein gjorde det vesle dei
kunde av det dei vart sette til i
lagsarbeidet – ikkje berre på alle
møtar freista slunka seg undan.
Ein kan t. d. berre ta det å skriva
i „Ljosglimt", det er berre nei – eller
rett og slett ikkje møta upp – og so
kan dei andre sitja. Og kor er det
ikkje når det skal veljast til festnemnd?

Men i ein slik potpouri
kan ein ikkje berre halda seg til
dei mørke sidorne. Ein kan berre
sjå på fiske i sumar. Utanum
dei reint ordinære fiskesortane som
t. d. steinbit og håbrand, so har
rødfisken i år vore svært viljug
til å gå på kroken. Trålingi yver
Søvikåsen har gjeve eit tilsynelatande
bra utbytte, Fullt so bra var ikkje
snurpingi i Hedleskaret.

Av andre viktige nærings-
greiner kan nemnast at mosefabri-
kasjonen i sumar har vore minimal. Dei store handelshus har funne
det meir lønsamt å importera frå
Polen. – Av større herverk kan
nemnast at tribunen er vorte
sterkt ramponert i det siste. Det var
difor kanskje å fyreslå at vraket vart
sprengt i lufti – som andre slike
gamle vrak – dersom ikkje sorgi og

saknaden vart for sår. Det skulde no elles vera ei bra tid å gjera det på no, då utsiktene til å få svinga seg er so bra, d. v. s. for dei som trår i det då! For ikkje som eg har høyrt, so har fleire av våre gamle lagsfolk tenkt på å forlata oss for godt. Ja for det plar gå den vegen med dei som hamnar i den heilage ektestand. "Ojå, den vegen skal me alle", sa ho på 76, – og tukka til! Resten av potpourien kjem seinare.

x+y.

„Ljosglimt"

Nr 6.	Haustfesten 6te oktober	1934

Vår og haust.

Fagert er livet i ungdoms år
når allting blømer og spretter,
Når alt er gleda og ljos og vår,
i ord best kjenner du vetter,
når lukka smiler i mot deg blid,
og kjærlik strøymer og gyller,
og ynn i din barm seg fyller.
Då er det fagert å leva då
for den som det fagre i livet vil sjå.
So hausten siger mot våren inn;
men fager kan hausten vera!
Når haustgull gyller
og minni skin
er alderdom lett å bera.

P. T.

Vårt tempel.

Midt inni kvardag og vonbrot og kav
står templet med høgreiste bogar.
Der riser seg krossen med maning og krav,
og kjærleiken offerglad logar.
Og sulone kvile som kvelvingen ber,
det trui og voni og kjærleiken er
som blømer i heilhende hugar.

Eit havbrus av tonar stig sterkt under kvelv
frå hjarto som vonar og blöder.
Og sedhugen båras og kjærleiken skjelv,
i offermot sjelene glöder
Det tek deg so sterkt der i döri du stig,
at her förer hjarta sin sverdlause krig
for lidande syster og bröder.

Vårt tempel! Inn under ditt tak vil me gå
og inn til den krossen du göymer
Me böygjer vårt hovud, me veike og små
og aldri me lovnaden glöymer.
'Vår Fader!' Av arbeid gjev fammen oss full,
og skirsla det evige kjærleikens gull
som djupast i barnom oss dröymer'.

Teke ór „Solaurding".

Gardguten.

Gunnar Vassdal gjekk og plöygde på storåkeren straks ovanfor Dalsvatnet. Det var overlag fint ver, endå det lid langt på hausten alt. Men Gunnar la ikkje störe merke til dette, han gjekk i sine eigne tankar. Og det som hadde sett tankane hans i sving, var eit brev han hadde fått frå kameraten sin, han Ivar Sörvåg. Dei hadde gått i lag på ungdomsskulen og var vortne gode vener. Dei skreiv ofte til einannan, men Ivar skreiv noko sers denne gongen. Han vilde reisa til Amerika og so vilde han hava Gunnar med seg. Han skreiv um dei gode tidene der burte, der ein kunde svinga seg upp til velstandsmann på ei kort tid. Det var som å ganga på rosor imot (som) å gå her og trakka og ikkje koma seg til nokon ting - alle vegar var stengde her. Dette var det som sette Ivar på tankar. - Ivar bad ogso Gunnar koma på ungdomsstemna som skulde vera i Sørvåggrendi sundag, so kunde dei talast ved då.

Gunnar hadde stundom havt slik utferdshug, og no kveikte desse Amerika-tankane hugen på ny. Det var einslegt i Vassdalen, det kunde ingen nekta på. Berre tri gardar og langt i frå folk, og få å vera saman med for Gunnar. På fremste garden gjekk borni endå på skulen, og på Aslegarden var berre gjentor. Dei var leikesyskin i barndagane, sidan vart det like lag der, endå so gilde gjentor dei var, serleg då ho Aslaug. - Amerika - Amerika - Ja det var noko å tenkja på. Aa ja - det vart nok berre med tanken og - han var nok bunden til Vassdalen han.

Han hadde retten til garden, og var no den einaste som kunde ta han, endå han var den nestyngste av 5 syskin. Eldste broren døydde tidleg, og dei tvo eldste systrene var gifte nedi bygdi. Minstesyster var heime endå og gjekk i skulen. Og um det kunde vera noko med heimegarden, sjå det var ikkje godt å vita. Aa nei, det var nok han foreldri sette si siste von til. Det var ut av tvo, anten måtte han slå seg til heime og yverta garden, eller so måtte dei selja han. Foreldri var vortne gamle og orka ikkje stella aleine lenger. — Laurdag ettermiddag viste Gunnar åt Sørvågen på ungdomsstemna, og so få tala med han Ivar. Det vart ein hyggjeleg tur, og det lika mykje godt i hugen då han drog på heimveg sundagskvelden.

Men då han nærma seg heimen, tok atter tankane til å krinsa um dette eine, reisa til Amerika eller vera heime i Vassdalen. Ivar hadde tala på mykje um Amerikaferdi og alt lögedet ut til å vera greidt. Ivar hadde ein morbror i Amerika som dei skulde taka um tiltil det laga seg med å få noko å gjera, og godt hjelp som han var, skulde det nok snart laga seg.

Utferdslengselen tok mykje tak i Gunnar, og då han i regnvåt skodda trilla sykkelen upp bakkane til Vassdalen, var han både leid og motlaus. Der framme i skodda låg heimen hans, men langt, langt der ute låg verdi med solljose vonar og lokka og drog. – Det vart so hart nedfor brunga hans Gunnar. Han kjende det slik at no fekk han koma seg ut, let han denne sjangsen gå frå seg, vart han ved gåande her heime i gråskodda all sin dag. Han vilde – han måtte ut.

Det vart stilt i heimen hans Gunnar då han slo fram på um Amerikareisa. Det gjekk eit sorgsamt drog yver andlitet både på ho Karin, mora – og på faren, han Jo. Dette hadde dei ikkje tenkt seg. Men då dei såg kor guten skulde, og hadde hug til å koma seg ut, vart det til det at dei hadde ikkje hjarta til å segja i mot. Dersom ikkje guten trivst i Vassdalen, vilde dei ikkje segja seg

hardt i mot. Det var ikkje nettopp lett heller det meinte Jo Vassdalen. Ho Kari, mor, var ikkje hog inn hjarta då ho skulla og sette kledi i stand og pakka i reisekista. Det var med ei sår kjensla ho la klut for klut ned til etter. Skjå, kva tid skal eg no få lappa og stella kledi hans? Kanskje veit det aldri meir. Det er so hart når ein kjem ~~ut~~ burt frå heimen og ut i den vide verdi, der er so mange fåror som lurer på ein. Men ein fer setja si lit til Store mannen, so lagar vel alt seg til det beste. Ei tåra trilla nedetter kinni hennar.

Det lid til reisedagen, alt er gjort klart til ferdi. Men han Gunnar gjeng der og stürer, han kan ikkje verta riktig samd med seg sjølv. Utferdslengselen lokka og drog, men når han tenkte på foreldri, kom han atter i tvil. Var det rett av han å reisa frå deim på deira gamle dagar? Var det på den måten han skulde heidra far og mor? – Den som berre visste – So var det inn laurdagen, sundagen måtte han senda bod til han Ivar at han vart med. So skulde dei møtast ~~ute~~ på bryggja ute i Sörvågen, derifrå skulde dei ta rutebåten til byen.

Gunnar var ute i hagen og stelte med noko kokte. Då kom mor og ropa til han at han måtte gå og ropa faren heim til middag. Han Jo arbeidde på eit nybrot ut Stykke lenske på godet. Han var slik ein mann å arbeida på gardi han Jo Vassdal. Gunnar gjekk, og då han kom fram på Haugen, der han kunde sjå faren, såg han honom sitjande på ein stein med hendene late um grepskaftet – likesom han sat i djupe tankar. Då slo det Gunnar med eit

at faren såg so gamal ut. Tru kva han tenkjer på no, for det gjenom tankane hans. Kanskje på meg, gardguten, som ikkje bryr meg um å vyrdsla dei jordi som fedrane gjenom tungt og langt arbeid hev dyrka og freista halde i stand? Og det kom med eitt for Gunnar at det måtte vera tungt for faren dette, lengre enn nokon trudde. Der sat kanskje den gamle mannen og såg attende på sitt livsverk. Han hadde streva trutt dag for dag for å halde heimen i saman og uppseda 5 born i tronge kår. Og no då han var utsliten, stod dei snart einslege att, han og kona, snart for dei siste borni or heimen. Det rørde seg underlege kjenslor i barmen hans Gunnar, og han tok avgjerd i denne stundi: Han vilde ikkje reisa. Han tenkte med seg sjølv: Min plass er her i Vassdalen. Der som fedrane hadde levt, vilde og han leva, og freista gjera det hyggjeleg for foreldri på deira gamle dagar.

„Far! kom heim og et middag!" ropa han. Då dei sat ved middagsbordet, sa Gunnar: „Eg kjem ikkje til å reisa til Amerika." Faren såg på han. „Ja du får no ikkje tenkja på oss," sa han sakte, „du veit me vil ikkje halda deg att." „Eg reiser ikkje likevel. Heimen min er og skal verta Vassdalen." Det trilla tvo blanke tårer nedetter kinni hennar Kari, men denne gongen var det gledetårer.

Same kvelden sette Gunnar seg til å skriva brev til Ivar Sørvågen. Han fortalde um si avgjerd og at han hadde slege frå seg Amerikaferdi si. Han var vorten viss på at det var heime han hadde plassen sin. Ja han meinte vera sikker på det var

Guds vilje, og difor var han no likevel glad yver denne avgjerdi. „Vonar du ikkje vert vond på meg etter dette" og ynskjer du måtte ha lukka med deg der burte i eventyrlandet.

Gunnar kjem syklande heimyver same laurdagskvelden han hadde vore med brevet til Ivar. På vegen møter han ho Aslaug som kjem frå Krambua. „God kveld!" helsar Gunnar. „Ute og gå i finveret?" „Ja – og du og – du syklar du forresten," svara ho attende. Dei vert ståande ei stund og prata saman. So spør Aslaug: „Skal du reisa til Amerika no Gunnar?" det låg likesom noko sårt attum ordi. „Har du høyrt det? Ja – eg tenkte nok på det, men eg har slege det frå meg att. Eg vil slå meg til i Vassdalen og nyrydja den gardi som far og fedrane har slite med." „Det er rett gjort av deg," svara ho, medan det går ein raudme yver andlitet hennar, og dette gjorde Gunnar glad. So segjer dei godnatt og ruslar kvar til seg.

Gunnar leider sykkelen, det har ingi hast i dette fine veret. Det rører seg varme kjenslor i den unge barmen hans! Ho Aslaug likar visst eg er heime, tenkjer han. Og tanken går vidare, ei ljos von blenkjer. Tenk um ho og han kunde byggja heimen i lag her i Vassdalen! Det likesom syng i hugen hans, og då han ser Vassdalsgardane framfyre seg, som ligg og speglar seg i vatnet, vert han med eitt so glad, so glad – her er den finaste stad på jordi, og sjeli lyfter seg til takk forutan ord.

E. E. S.

Intervjū. I

For å få fyll til bladet, kom eg ein dag i hug at det skulde vore skøy å fenge intervjū med ymse store menn i bygdi. Som gamal røynd sjournalist, veit eg det er ikkje so liketil å fiska utor folk slikde veit det vert stundom sagt ord som slett ikkje skulde vore sagde. Men nok um det, som tenkt, so gjort, og eg rusla i veg til formannen i L. U.-lag, hr. Edv. Søviken. Han var ferdig med dagsens slit, og sat i sofaen og nytte skumringspipa. Det var so likt som han stussa då han høyrde ærendet. Men frekk som eg er, gjekk eg til saki med ein gong. „Kor gjeng det med arbeidet i L. U.?" Han ljosna yver heile maska. „Storarta!"

„Du har alt sete som formann i laget eit heilt år?" „Ja", sa han, „og det er mitt ynske at eg får sitja lenge enno. Ungdomen her er so ualminneleg lett å arbeida saman med, det er rett ein hugnad. Til møti kjem alle presis. Slik interessa skal ein leita lenge etter. Ikkje berre ungdomen ~~kjem~~ møter på laget, men og so ein heil del eldre folk."

Programmet på lagi?

„Ja, det er so ymse. Det er som oftast foredrag av framande talarar eller av lagslemene sjølv, og ordskifte gjeng so berre fillene fyk."

Kva emne vert diskutert?

„Ja, so å segja alle aktuelle spursmål er uppe — alt er på bane, frå Hitler til våre eigne mosekongar."

Kor gjeng det med bladet?

„Ja, det er yver all forventning, redaktøren får som oftast so mykje stoff at berre det aller luste får plass kvar gong."

Enn folkeviseleiken?

„Den blomstrar som aldri før. Kvar kveld er det leik etter laget – og på fotalaget å døma, gjeng det stendigt på fram. Til års er det meiningi å halda ein uppvisning i Bergen. Idet store og heile må segjast at rundtdansen er stadig på tilbakegang til bate for folkeviseleiken."

Fyrer laget fram skodespel?

„Jössés ja, ein gong for månaden er spelkveld, og foruttan dei professjonelle ~~songarar~~ skodespelarane er alle huga vera med. Siste stykket som var framsynt var „Hamlet" – og kritikken var strålande."

Hev laget ofte festar?

„Å ja – Og det segjer at um huset er stort, so vert det som regel for lite då."

„Kva hev du, so å segja til slutt um lagsarbeidet?" „Det er meg ei stor hugnad og eg vil til slutt få segja at var alle lag i landet som dette, so var ikkje noko land i verdi so langt framme i ungdomsarbeidet som Noreg.

II

Med det same eg halde det på meg, gjekk eg sporenstreks på Haugen til formannen i L. Musikklag, hr. Ole Drange. Me sette oss ute og nytte solnedgangen, og eg gjekk til angrep med ein gong.

Kor stend det til – med musikklaget?

„Jau, det er synd å ikkje klaga. Som du veit arbeider laget no for å få nye horn. Sume hev alt fenge, og dei er komne direkte frå Sibirien. Det er ein ganske kolosal framgang har vore i det siste.

er som pipa hev fenge ein annan lyd. „Zigøinerpiken" er no berre barnemat, det dei no held på med er meir innviklade ting t. d. Tryllefløyten, Majonesen, G-mollsymfonien og „Aftenstemning."

Kor ofte spelar laget på konsertar?

„Det er rett som det er. Laget er nokso ofte på reiser også, og hev til bis tenkt so smått på ein tur til Kalkutta. Den 24. desember fyrstk. skal laget spela i Bergen på Sjukehuset og der etter halda ein stutt konsert i Korskyrkja.

Kor mange medlemer er no med?

„Ein sirka 30 mann.

III

På heimvegen såg eg tilfeldigvis dirigenten i L. Songlag, hr. Ivar Gjerdvik. Han sat på hoggestabben i skjykkja og smidde på ny taktstokke so flisane fauk. Eg kunde då ikkje halda meg, men gjekk burt og makka um veret for å få samtale i gong. Eg lirka det so ganske fint burtpå songlaget utan at han fekk nokon hugso um at eg gjekk med baktankar. Hadde han visst det skulde koma på prent, hadde so visst ikkje han forsnakka seg. Han jumpa utan vidare ut med at det er dei koseligaste kveldane i veka dei kveldane laget hev øving. På slutet kjem alle, og det hev enno ikkje hendt at nokon hev skulka. Tvertimot auka talet på songar kvar kveld. Dette kan ein mykje takka formannen hr. Johs. Sjøbø for, han styrer laget med ei stø hand."

Korleis står laget økonomisk?

"Det må seggjast å stå sers godt i tider som desse. Som ein hugsar var songarturen til Stokkholm i sumar aldeles strålande – og til denne turen var nytta heile yverskotet i kassa. Til sumaren har laget planlagt ein tur med "Stella Polaris" til Nordkapp, og so vil laget på attendevegen halda konsertar i byane langs kysten like til Stavanger, der det tenkjer til å delta i landssongarstemnet. Det er av styret for dette bede um å opna stemnet med "Alt for min kunde gjera". Det kan og so nemnast at laget på stemnet skal syngja "Harpesmikken", "Landkjenning" m. fl., so uppgåva for vinteren vert å øva inn desse verki." Han vilde til slutt berre få ynskja at laget vilde gå fram i alder og visdom som det til denne tid har gjort.

G. F. & T. T.

Anna Rindedal
bladskrivar.

Ljosglimt.

Nr 7 28 oktober 1934

Arbeidslaus.

På torget står so mang ein mann
som føler frost og savn.
Deira lengsel går mot varme land,
Der dei før låg i havn.

—

Dei minnes då dei drog som gut
tilsjøs for første gang.
Då var det ikkje so trist og mutt,
men sang til dagen lang.

—

No går dei her dei staute menn
og driver rundt i byen.
Dei som før seg kjempa fram
mot stormen og mot sjøen.

—

Dei mang ein farlig jobb har hatt,
og døden den var dei nære.
men ingenting er verre, enn at
arbeidslaus å være.

Teke av

Skib O Tvoitt

Ola Dekksgut's store draum.

Heia, Ola! Heia, Ola! — Heile ruffa var i vilt oprör. Alle mann skulde iland og sjå på det store verdensmeisterskap i kunstlaup. Ja, maken til upplevelse hadde ingen dråggut um då dei seilte inn Oslofjorden. Dei hadde ikkje før lagt til ved Grönlia för Gerhard Karlsen og Henning Olsen og Carles Hoff sköymde heseblesande umbord og spurde etter Ola Dekksgut. Ola vart so redd at han klatra upp i salinga; men dei fekk då ropt han ned igjen. „Kom ned Ola!" ropte kapteinen, „du må redda Norges ära!" — „Ja, då so! Jau då!" Her var ikkje spörsmål. Fleire av våre beste kunstlaupparar hadde meldt forfall og våre farger stod i fåre, vist ikkje Ola Dekksgut kom upp på Stadion. Ola fant fram or skipskista sine gamle skeisor — du veit slike vedskeisor som gutane fekk til konfirmasjonen i gamledagar. „Men ver ikkje engsteleg. Om ikkje Ola har funne kruttet, so kan han iallfall gå på skeisor. På Stadion sto 20 000 menneske som venta på store sensasjoner. Den farlige Schäfer frå Österrike var som ein hund etter pokalane, og Lise-Lotte og Megan-Taylor gjerde nye og ukulege rundkast so gamle papapa Hennie skalv so han miste pressen i buksa si. Jau, Ola Dekksgut måtte av stad. „Men eg gjer det ikkje gratis," sa han til Henning Olsen. „No må du vera snill gut og ikkje uppföra deg som ei grisk hadelandslöva," sa Charly og kviskra eit ord i öyra på Ola: „Du skal gå parlaup med Sonja," sa han, „og du veit Sonja er ikkje forlova endå!" Men då var ikkje Ola lenger sein av seg. På Stadion var spenningen på det alle skamaste. Rotter-Schollans, Finnen Nikkanen og det ungarske par slost om meistertittelen; — men då var det Ola Dekksgut dukka fram. Publikum heldt pusten av overraskelse; men ikkje før hadde han teke dei fyrste lange tak på vedskuisone før Kongen reiv hatten av og ropte: „Heia, Ola!" Og 20000 menneske brølte av begeistring. Ola hadde nær ramla på baken herre av lüfttrykket. Han tok fyrst ein fin sving framüm tribünane. Der stod venene hans frå Skib Ohoi og hüa og skreik: „Ola Dekksgüt-Ohoi!" — Han vinka til Brødrene Jonsons, president Seeberg og redaktør Tegner som allerede hadde teke üpp klokka og skreik: „Jäfla anamma!" — Mens ~~müsikk~~ müsikken spelte Ola Dola Doff og Skib Ohoi valsen. No kom Ola rikktig i toppform. Han seilte på ein fot og gjorde alle mülige slags kroppstillinger ründt heile banen og der etter nokre ütrülege pirüetter og Pålse-hopp. Han tok „kniven og ripperi'n" på sine gamle vedskeisor då müsikken stoppa og 20000 menneske heldt püsten. — —

Men so kom dagens store sensasjon; Sonja Henie stod plutselig på banen. Høgtalaren ropte at no hadde Sonja for fyrste gong i sitt liv säka ein verdig parlaupar. Ho vilde gå ilag med Ola Dekksgüt. Soga seier at venare parlaup ~~ha~~ hadde ikkje menneskelege augo sett. Jübelen på tribünane tok ingen ende. Kongen gav ordre üm 21 skot frå Akershüs — og heile Norge høyrde på P. Chr. Andersens glimrande radio-referat.

Etterpå var det stor fest og Sonja gav Ola eit smell kyss på det högre kinnet so alle såg på. Men då besvimte Ola Dekksgüt, so dei måtte gni han i ansiktet med vaniljeis. Kronprinsen gav Sonja og Ola ein güll pokal. Etterpå var det dans. ~~og~~ Ola Dekksgüt fylgde Sonja heim. Umbord vart han büren på güllstol. Ja, dei heldt på å rive han i stykker herre av begeistring. Stüerten riste han i akslene og tömde Champagne i hovüdet på han, og båtsmannen bar han üt på dekk. „Eg skal hoen tute meg få deg til å vakna eg, din sjüsovar!" skreik Flisegüre, „no har me stridd med deg ein halv time med å få deg üpp!" — — —

Ola samla seg üpp på dekket. Han var dyvåt av

stuerten sin vasspös. Men han var endå ikkje so pass påkom etter sin verdensmeisterskaps draum enn at han tok seg på högre ringfinger etter den glatte ringen som Sonja hadde ~~gjet~~ gjeve han — men der var ingen ring. Men smellkysset som Sonja gav han på högre kinnet då! Var ikkje det der heller? — Det var so livaktig som det kunde verta, sa Ola tilseg sjölv. Men sikkert er det att Ola Dekksgut har ikkje vaska seg på högre kinnet etter den dag. — —

Teke or „Skib Ohoi"

Frå Valget.

„Me har ein bra lögnar her i bygda. Han har sete i herredstyre fyrr, men iår kom han ikkje inn og det var rette pass til han, for ingen skal tru på han meir".

„Kvi for det?"

„Jau, no skal du höyra. Som du veit so var det kommunevalg iår, og då lovde me högt og dyrt at me skulde stemma ~~ein ann~~ på kvar andre sedu. Men allikavell han der bleidåren burt og stemde på ein annan. Kva seier du til det?"

„Det var simpelt!"

„Ja, visst pokker var det simpelt! Men so har eg no den trösta at eg stemde ikkje på han heller."

G.

Frå Småskulen.

I Syltefjorden har dei nettop fått ein ny skulelærar. Den dagen han yvertok plassen vilde han gjera seg kjent med borni, og kalte dei bort åt kateteret ein for ein. So kom turen til ein håring, ein riktig skøyar.
„Kva heitte du då, guten min", spurde læraren.
„ Rundgren".
„Javel, men du hette vel noko meir?"
Guten teier.
„So? Veit du ikkje fornavnet ditt du då gutt? Kva seier far din når han ropar på deg?" —
„Hain berre plistra på meg!"

G.

Ho kunde ikkje gissa det.

Det var i den tid då eg gjekk i skulen. Lærarinna spurde oss gåtor. „Kan nokon av dykk segja ~~deg~~ meg kva som henger under taket i ei snor og seier pipp-pipp. Lang tausheit, – ingen av ~~dei~~ oss små våga seg til svara.
„No? Ingen som veit?" „Det er jo ein kanarifugl!"
Men då greide eg ikkje halda meg lenger; men reiste meg og sa: „Ja, kanarifuglen seier nok pipp-pipp, men han henger no ikkje i noko snor i taket tell. „Å– den snora sette eg berre til for at det skulde bli litt meir vanskelegare", sa lærarinna.
„Kan eg få segja ei gåta?"
„Ja, versogod." – „Kan du segja meg kva som står under sengji mi med handtak i?", spurde eg. „Nei, det kan eg ikkje." sa lærarinna.
„Jau, det tøflene mine." – „Med handtak?"
„Ja, det sette eg til for at det skulde bli litt vanskelegare skjøna du," – –

Eg hadde ikkje betre vit.

Georg P. Drange.
Bladskrivar